

Årsrapport og årsrekneskap 2023

Sande kommune



Drageskaret. Foto: Sande kommune

Ordføreren har ordet

Vi har blitt vande med det; globale og nasjonale hendingar og trendar som på godt og vondt set rammer for kvardagen vår. 2023 ikkje noko unntaksår i så måte, tvert i mot. Krig i Europa, i Midtausten, flyktningsstraum, klimakrise m.m. «Ei uroleg verd» har vorte standarduttrykk for å delforklare bråe og uføreseielege endringar i vårt gode land. Som dyrtid med inflasjon og renteauke som også har gitt utslag for kommuneøkonomien.



Foto: Høgre

Kommunevalet i Sande førte til endring i ordførarstolen. Dag Vaagen (H) avløyste Olav Myklebust (Sp), medan Einar Ekroll (Frp) heldt fram som varaordfører i ny konstellasjon (H/Frp).

I samband med konstitueringa vedtok det nye kommunestyret å endre på utvalsstrukturen frå to til tre hovudutval: Næring, teknisk og miljøutvalet (7 faste medlemar-leiar Petter Gunnarstein, Frp), Helse- og omsorgsutvalet (5 faste medlemar- leiar Frode Bringsvor, H), og Oppvekst- og kulturutvalet (5 faste medlemar -leiar Harald Riise, H). Dvs.at det tidlegare Helse- og oppvekstutval vart splitta til to utval. Endringa var motivert av erkjenninga av stort oppgåvespenn i tidlegare Helse- og oppvekstutval, og ønskje om vitalisering av det politiske miljøet ved å kome tettare på sakene i dei to største oppgåvesektorane våre. Så langt synest endringa å ha gitt tilsikta verknad, og alle tre utvala jobba godt på sine respektive områder.

Med referanse til innleiinga om hendingar og trendar så kan ein fastslå at eit bestemt tema har toppa agendaen i dei store «kommune-møta», som Nyttårskonferansen, Arena Sunnmøre og KS-møter: Demografiutviklinga og aldersbæreevne (antal personar 16-66 v. antal personar 67+) Fleire eldre – færre unge. Kamp om arbeidskrafta. No kjem eldrebølgja i bratt kurve også til dei urbane strøka. Ei utvikling som går sin gang også i Sande, men med mindre relative utslag enn dei nye coming-up kommunane ettersom eldrebølgja har vore over oss i dei siste 10 – 15 siste åra. Fleire kommunar i vårt fylke vil i løpet av få år nærme seg vår demografi.

Gjeldsbelastinga for kommunane har også vore gjennomgåande tema. «Kommunal gjeld er ikkje annleis enn privat gjeld - den skal betalast med renter og avdrag». Ref. foil-tekst (Håvard Moe, KS).

I oktober vart vi kjende med prognoser for Sande kommune si drift som tilsa underskot opp mot kr 17 mill. for 2023. Kommunedirektøren fastsette innkjøps- og tilsetjingsstopp. Ved behandlinga av budsjett- og økonomiplan 2024 – 2027 vedtok kommunestyret investerings-, innkjøps-, og tilsetjingsstopp i 1. kvartal 2024.

I skrivande stund viser framlagt rekneskap for 2023 vel kr 9 mill. i underskot etter tilflyt av gode inntekter utetter hausten, m.a. god finansavkastning og inntekter frå Havbruksfondet.

Samla folketal i Sande er stabilt. Det er verdt å nemne at Sandsøy/Voksa har folketilvekst siste to åra etter fleire år med nedgang, noko som må sjåast i samanheng med næringslivet si satsing på øya. I ei tid med stillstand i bustadbygginga i vårt distrikt har det tilkome 8 nye bueiningar på Sandsøy/Voksa og i tillegg er to nye einebustader i startgropa.

Årsmelding 2023

Av gjennomførte kommunale investeringar nemner eg den nye fiskerikaia i Gjerdsvika som var ferdig hausten 2023. Eit flott gjennomført tiltak som utkvitterer kommunen si plikt overfor Kystverket som del av avtale i høve hamneprosjektet i Gjerdsvika.

Av private satsingar må nemnast tørrdokka til Larsnes Mek. AS som vart ferdigstilt i 2023. Ei framtidssatsing av dimensjoner.

Til slutt: Stor takk til alle medarbeidarane i kommunen for innsatsen gjennom året 2023 til beste for innbyggjarane våre.

Dag Vaagen

Ordfører

Kommunedirektøren si innleiing



Foto: Sande kommune, Silje Scheide Mork

Sande kommune i 2023: Eit år med endringar og samarbeid

Året 2023 har vore prega av betydeleg endringar i kommuneorganisasjonen.

Som ny kommunedirektør starta eg mitt arbeid ved inngangen til året, og i løpet av våren vart store delar av øvrig toppleiling skifta ut. Kommunale leiarar med lang erfaring frå Sande kommune gjekk over i pensjonistane sine rekker, og andre leiarar fekk tilbod om andre og nye oppgåver. I sum var fem av åtte leiarar nye, innan hausten slo til. Det har både gitt oss utfordringar, og ny giv og pågangsmot.

Den overordna organisasjonsstrukturen vart endra gjennom fyrste halvdel av året, og formelt iverksett frå 1. august. Talet på sektorar vart redusert frå fem til tre. Det var dei store tenestemråda som sto igjen som sektorar. Helse og omsorg, oppvekst og kultur, teknisk og landbruk. Ansvar for flyktingtenesta vart lagt til oppvekst og kultur. Ansvar for fagoppfølginga av vertskommunesamarbeid for NAV og barnevern vart lagt til helse og omsorgssektoren, og ansvaret for kyrkjeområdet vart i sin heilskap lagt til teknisk og landbruk.

Øvrige sektorar vart lagt i kommunedirektøren si stabslinje i fire avdelingar. Økonomi, HR, kommunikasjon og plan og næring. Det vart gjennomført stillingsendringar i tråd med hovudtariffavtalen.

Dei nye kommunalsjefane har vidare gjort naudsynte endringar i sine sektorar etter dette, særskilt i helse og omsorg.

Sande kommune kjøpte domenenamnet www.sande.kommune.no våren 2023, og i november kunne vi endeleg seie farvel til "mr.kommune." Målet er at det skal gjere oss meir tilgjengeleg på nett, og enklare å kontakte. Vi har begynt arbeidet med ny kommuneprofilering, for i større grad å synleggjere at vi er ein attraktiv og moderne arbeidsgivar i ein framoverlent kommune.

Vi har vore opptekne av å bli ein enda meir-offentleg kommune, og vi strøyma vårt fyrste kommunestyremøte den 17. oktober. Då kunne alle innbyggjarane følgje det konstituerande kommunestyremøtet på nett. Det var ein milepæl. Vi strøymar no alle kommunestyremøte, og etter kvart må vi ha som ambisjon å strøyme formannskapsmøta også.

Det vart ei endring i det politiske miljøet, då nytt kommunestyre vart konstituert for fire år den 17. oktober. Olav Myklebust (SP) vart takka av som ordførar, og Dag Vaagen (H) tok over ordførarkjedet. Det har vore godt samarbeid mellom administrasjonen, og både "gamalt" og "nytt" kommunestyre i 2023.

Kommunedirektøren med sine leiarar, har hatt stort fokus på økonomistyring og rapportering i 2023. Det er lagt ned mykje arbeid for å levere gode økonomirapportar, og lage eit godt grunnlag for budsjettet i 2024 og vidare økonomiplan. Det er ei kjensgjerning at kommunen har høgare driftskostnader enn driftsinntekter per i dag, noko tertialrapportar og årsrekneskapen syner.

Årsmelding 2023

Dette har ført til innsparingstiltak, som til tider vert opplevd belastande for våre tilsette. Trass knappe ressursar og stadige omstillingsbehov, leverte dei ulike einingane gode og forsvarlege tenester til innbyggjarane.

Organisasjonen er oversiktleg, med korte avstandar mellom leiing og operasjonell drift. Evna til å utnytte fordelene av å vere ei lita kommune gjorde at vi fekk til mykje med avgrensa ressursar. Samarbeidet med tillitsvalde og verneombod har vore positivt, med gjensidig tillit og respekt i partssamarbeidet sett frå kommunedirektøren sitt ståstad. Det betyr mykje både i gode tider og meir krevjande tider. Vi har fått fleire nye dyktige medarbeidarar med i "team" Sande i 2023, medan andre igjen har gått vidare til nye arbeidsgivarar. Slik vil det vere i ein arbeidsregion som vår, der vi lett kan pendle mellom bu-kommune og arbeidskommune.

Eg vil rette ein stor takk til alle våre tilsette for innsatsen og vel utført arbeid i 2023!


Renathe Rossi Aglen

kommunedirektør

Politisk organisering



Politisk organisering



Kommunestyret er det øvste organ i kommunen med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd.

Kommunestyret skal mellom anna avgjere saker som gjeld:

- Hovudtrekka i kommuneorganisasjonen - både politisk og administrativ struktur.
- Budsjett og økonomiplanar (handlingsprogram) og vesentlege endringar i desse.
- Kommuneplanar.
- Reguleringsplanar og delplanar.
- Rekneskap og årsmelding/resultatvurderingar.

Kommunestyret har 21 representantar, fordelt på Høgre (9 repr), Arbeidarpartiet (5 repr), Senterpartiet (4 repr), Framstegspartiet (3 repr). Ordføraren kjem frå Høgre og varaordføraren representerer Framstegspartiet.

Formannskapet skal førebu og gje tilråding i alle saker som ligg innanfor ansvarsområdet til formannskapet og som skal handsamast av kommunestyret. Formannskapet gjev ikkje tilråding i saker som er handsama av Kontrollutvalet.


Formannskapet er økonomiutval i kommunen og skal førebu og tilrå til kommunestyret i alle saker av økonomisk karakter som ikkje er delegerte. Formannskapet skal dessutan gje tilråding til kommunestyret i saker som gjeld kommuneplanar, reguleringsplanar, miljø saker og andre overordna saker. Formannskapet gjer elles vedtak i dei sakene der kommunestyret har gjeve formannskapet mynde til å ta avgjerd. Formannskapet har funksjonen som klageorgan for kommunen etter Forvaltningslova § 28 . Vidare skal formannskapet vere overordna fagorgan for dei forvaltningsoppgåvene og tenestene som kommunen er pålagd å yte etter lovverket

Formannskapet har 7 representantar. Ordføraren (H) og varaordføraren (Frp), dessutan har Høgre to representantar, Ap har to representantar og Sp har ein representant.

Etter kommunevalet i hausten 2023 vart det oppretta tre hovudutval. Helse- og omsorgsutvalet har 5 medlemmar, Oppvekst- og kulturutvalet har 5 medlemmar og Næring, teknisk og miljø har 7 medlemmar. Ein har lagt vekt på gjennomgåande representasjon slik at det stort sett er kommunestyremedlemmar som sit i hovudutvala. Arbeidsmiljøutvalet har 8 medlemmar (4 frå arbeidstakarsida og 4 frå arbeidsgjevarsida), Ungdomsrådet har 11 medlemmar (10 ungdomar og ein frå kommunestyret), Administrasjonsutvalet har 7 medlemmar, Råd for likestilling av funksjonshemma har 5 medlemmar og Eldrerådet har 5 medlemmar. Politisk sekretariat utgjer ei 60 % stilling knytt til kommunikasjonsavdelinga.

Administrativ organisering

Organisasjonsstrukturen i Sande kommune vart endra fom. 01.08.2023. Kommunen er organisert i tre sektorar som vert leia av kommunalsjefar for sine fagområde (helse og omsorg, oppvekst og kultur, teknisk og landbruk). Kommunikasjon, plan og næring, økonomi, og HR fungerer som stabstøtte funksjon for både kommunedirektør, leiarar og tilsette i kommunen.



Kommunedirektør og disse sju leiarane utgjer kommunedirektøren si leiargruppe:




Foto: Sande kommune, Silje Scheide Mork

Personal og organisasjon

Tilsette og årsverk

Sande kommune hadde ved utgangen av 2023 340 tilsette fordelt på 267 årsverk. Dette er inklusiv tilsette i permisjon. Offentleg sektor er kvinnedominert, og Sande kommune er ikkje noko unntak. Likevel er talet på tilsette menn i 2023, det høgaste det har vore på dei 10 siste åra. 265 av dei tilsette er kvinner, 75 er menn. Den gjennomsnittlege stillingsprosenten er 79,33 % (eksklusiv dei som er i permisjon).

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinner	262	262	241	267	258	261	256	256	262	265
Menn	55	52	50	47	58	46	47	57	61	75
Totalt	317	314	291	314	316	307	303	313	323	340

Tala nedanfor er årsverk per desember det enkelte år.

SEKTOR	des 2018	des 2019	des 2020	des 2021	des 2022	des 2023
Politisk/Administrasjon	14,2	15,6	14,8	13,68	17,18	15,4
Oppvekst og kultur	97,31	93,92	91,28	87,40	94,85	97,43
Helse og omsorg	119,93	121,66	125,36	131,75	135,98	137,93
Nav/Barnevern	3,70	2,20	0,00	0,00	0,00	0,00
Teknisk og landbruk	12,87	15,55	16,39	14,95	15,89	16,87
Totalt	248,01	248,93	247,83	247,78	263,90	267,63

Likestilling og inkludering

Likestillings- og diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person.

Sande kommune har gjennom eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane jobba aktivt for å fremje lova sine føremål. Den Personalpolitiske handlingsplanen (arbeidsgjevarpolitikken) sikrar dette arbeidet. Det er lenge sidan planen sist var revidert og vi har sett som mål å revidere denne i 2024.

Sande kommune har eiga prosedyre og retningslinjer ved mobbing og trakassering, som også omfattar seksuell trakassering. Sande kommune sine tilsettingsrutinar er mynta på lov og avtaleverk. Kvalifiseringsprinsippet hindrar at tilsettingar skjer på bakgrunn av diskriminerande faktorar. Gjennom 3-partssamarbeid og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) jobbar vi for eit godt og inkluderande arbeidsmiljø for alle tilsette, og gjere Sande kommune til ein attraktiv arbeidsgjevar.

Heiltid – deltid:

Talet på heiltids –og deltidstilsette – pr kjønn

År	2022	2022	2023	2023
	Antal tilsette	Antal tilsette	Antal tilsette	Antal tilsette

Årsmelding 2023

Stillingsstørrelsegruppe	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
>0-24%	13	18	14	30
25-49%	14	3	17	2
50-74%	31	7	36	6
75-99%	41	2	30	4
100%	163	31	168	33

Kommunen jobbar medvite for å redusera uønska deltid. Deltidstilsette som ønskjer stillingsutviding vert prioriterte så langt som råd når stillingar vert ledige - i samsvar med pliktene våre i avtaleverket. Dette arbeidet skal vi halde fram med i 2024. Vi vil tilby deltidstilsette i skulen moglegheit for høgare stilling ved å jobbe helg i bu og habilitering. Vi har også lenge arbeida med å etablere eige reinhaldsteam i kommunen. Dette er ei yrkesgruppe som er særleg utsett for ufrivillig deltid. Ei sam-lokalisering av tenesta vil vere positivt for arbeidsmiljøet, kvaliteten i tenesta og legge til rette for at fleire får moglegheit til å auke stillingane.

1514 Sande	Månadslønn (kr)	2019	2020	2021	2022	2023
Menn	I alt	42 140	43 890	45 200	45 150	49 450
	Heiltidstilsette	42 680	44 230	45 740	45 640	50 130
	Deltidstilsette	34 810	39 110	40 670	40 090	43 610
Kvinner	I alt	40 910	41 700	43 230	43 650	47 860
	Heiltidstilsette	42 500	42 950	44 470	44 650	49 410
	Deltidstilsette	38 800	39 700	41 100	41 590	44 270

Tabellen ovanfor viser snittmånadslønn fordelt etter kjønn og heiltids-/deltidstilsette (kjelde: SSB). For 2023 er grunnløna for kvinner i prosent av grunnløna til menn, 96,78 %.

I Sande kommune arbeider ein stor andel av mennene innanfor teknisk etat og i kommuneadministrasjonen:

	2022	2022	2023	2023
	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Politisk og administrasjon	55,00 %	45,00 %	50,00 %	50,00 %
Oppvekst og kultur	90,09 %	9,91 %	87,80 %	12,20 %
Helse og omsorg	89,41 %	10,59 %	89,40 %	10,60 %
Teknisk og landbruk	17,24 %	82,76 %	10,25 %	89,75 %

Det er tilsette fleire leiarar, ingeniørar, spesialkonsulentar og fagarbeidarar i administrasjonen og teknisk etat med høgare snittlønn enn dei meir kvinnedominerte yrka innan helse og omsorgsetaten. Her er det høgare andel av ufaglærte, som er noko av årsaka til at snittløna er høgare for mennene i kommunen.

Sande kommune jobbar aktivt med å sikre likeløn for kvinner og menn gjennom rekruttering og i lønnspolitikken. I 2023 reviderte vi Lønspolitisk plan. Planen skal behandlast i administrasjonsutvalet ila våren 2024.

HMS

Sande kommune er ei IA-kommune. Det overordna målet for IA-samarbeidet er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom å førebyggje sjukefråvær og fråfall.

Sande har ikkje eige IA-utval, men fokusområda vert dekte og fylgt opp av Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i 3-partsmøter mellom einingsleiar, tillitsvalde og verneombod. Også i 2023 har det vore tett dialog. I samsvar med HMS-hjulet og andre initiativ har det vore gjennomført slik aktivitet:

- Møter i Arbeidsmiljøutvalet kvartalsvis
- 3-partsmøter kvartalsvis
- Jamleg gjennomføring av kontaktmøte (tillitsvaldmøte)
- Gjennomføring og oppfølging av vernerunde
- Utarbeiding av HMS-plan på einingane
- Utarbeiding av sjukefråværsstatestikk til orientering for AMU og formannskapet
- Rådgjeving til leiarar i sjukefråværsarbeid
- Oppfølging, tilrettelegging og avklaring av sjukmelde i heile organisasjonen
- Faste verneombodsmøter gjennområdet
- Rettledning frå Nav Arbeidslivssenter og Avonova
- Medarbeidarsamtalar
- trivselstiltak med fokus på fysisk aktivitet og sosiale aktivitetar i nokre einingar

Etikk

Vi har etiske retningslinjer som gjeld både folkevalde og tilsette i Sande kommune. Retningslinjene for dei tilsette var utarbeida i 1996 - og det er difor på tide med ei revidering. Dokumentet er likevel godt innarbeida i organisasjonen og står seg godt i dag.

Retningslinjene skal vere ei hjelp til større forståing, openheit og innsyn, og til å unngå spekulasjonar og mistanke om uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Kommunestyret, kommunedirektør og einingsleiarar skal utøve høg etisk standard.

Retningslinjene skal gjerast kjent for alle nyttilsette. Høg etisk standard er eit grunnlag for tillit frå innbyggjarane i kommunen. Etikk er også ein viktig faktor i kommunen sitt arbeid med internkontroll.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,09 %	7,57 %	10,65 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,66 %	7,00 %	9,66 %

Sjukefråvær er ein sentral del av det som handlar om inkluderande arbeidsliv og HMS-arbeidet. Etter innføringa av Visma Enterprise har alle leiarane i organisasjonen fått tilgang til å fylgje sjukefråværsutviklinga digitalt på einingsnivå. Alle einingar og sektorar har rapportert på sjukefråværet for 2023. Denne informasjonen er ikkje offentleggjort i årsrapporten på einingar med færre enn 7 tilsette grunna personvern.

Samla sett starta vi året med eit svært høgt sjukefråvær. Toppen kom i februar og organisasjonen hadde eit fråvær på over 13%. Etter dette opplevde vi ein positiv og nedgåande trend. Det lågaste sjukefråværet var i august på under 7 %.

Vi har gode rutinar på oppfølging av sjuke, og i 2023 har vi også hatt auka fokus på arbeidsnærver og førebygging. Dette fokuset tek vi med oss vidare til 2024. Det systematiske arbeidet for å redusere det samla sjukefråværet er gjennomført med basis i vedteken HMS-plan som vert fylgt opp av 3-partssamarbeidet i einingane. Vi har ordning som sikrar moglegheit for bistand i frå BHT og Nav.

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2023			Fråvær 2022		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Kommunedirektør stab	1,22 %	2,71 %	3,93 %	1,36 %	6,90 %	8,26 %
Oppvekst og kultur	2,72 %	4,76 %	7,48 %	2,72 %	5,33 %	8,05 %
Helse og omsorg	2,89 %	9,71 %	12,60 %	3,50 %	9,70 %	13,20 %
Teknisk og landbruk	1,73 %	2,10 %	3,83 %	3,00 %	2,79 %	5,79 %

Tenestoområde	Fråvær 2023			Fråvær 2022		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla fråvær i %
Sum tenestoområde	2,66 %	7,00 %	9,66 %	3,09 %	7,57 %	10,65 %

Økonomisk oversikt

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-205 491	-199 272	-214 709	-222 060	7 352	3,4 %
Avskrivningar	11 154	12 565	12 565	10 845	1 720	13,7 %
Motpost avskrivningar	-16 187	-16 106	-16 106	-16 702	595	3,7 %
Netto finansutgifter	20 560	14 010	17 468	18 724	-1 256	-7,2 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-4 347	2 900	860	-329	1 189	138,2 %
Til disposisjon	-194 309	-185 903	-199 922	-209 522	9 600	4,8 %
Kommunedirektør stab	11 447	21 281	1 989	8 149	-6 160	-309,8 %
Oppvekst og kultur	64 614	58 053	79 334	79 702	-367	-0,5 %
Helse og omsorg	101 548	91 891	103 117	115 434	-12 317	-11,9 %
Teknisk og landbruk	16 668	14 679	15 482	15 484	-2	0,0 %
Finansområde	33	0	0	-50	50	0,0 %
Sum disponering	194 309	185 903	199 922	218 718	-18 797	-9,4 %
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	9 196	-9 197	0,0 %

Rekneskapen for Sande kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 9,2 mill. kroner etter avsetjing/bruk av bundne driftsfond, eit resultat på -2,80 % av sum driftsinntekter. Resultatmålet til kommunestyret er 1,75 %.

Totaloversikt økonomi viser fordeling av midlar per sektor og rekneskap.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-103 930	-101 342	-101 300	-102 864	1 564	1,5 %
Inntekt- og formuesskatt	-83 296	-88 330	-91 830	-90 630	-1 201	-1,3 %
Andre generelle driftsinntekter	-18 265	-9 600	-21 578	-28 566	6 988	32,4 %
Sum Frie disponible inntekter	-205 491	-199 272	-214 709	-222 060	7 352	-3,4 %

Sande kommune fekk 7,3 mill. kroner meir i frie inntekter enn revidert budsjetttert. På området for ramme og skatt er ein meir eller mindre på budsjett, netto 360 000 kroner meir enn budsjetttert.

Årsmelding 2023

Sande kommune hadde gode skatteinntekter i 2023, rekna til 97 % av landsgjennomsnittet. Dette tilsvarar ei auke på 8,8 % i forhold til 2022.

Det har vore høg vekst i kommunen sine generelle driftsinntekter frå 2022 til 2023. Kommunen fekk 7 mill. kroner meir enn budsjettert, totalt 28,6 millionar kroner som fordelar seg slik:

- Integreringstilskot knytt til flyktning: 20,5 mill. kroner
- Havbruksfondet: 6,6 mill. kr
- Rentekompensasjon kyrke, skulebygg, og institusjon/omsorgsbustadar: 1,5 mill. kr

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Justert årsbudsjett 2023			Rekneskap 2023			Avvik i kr	Avvik i %
			Utgift	Inntekt	Budsjett 2023	Utgift	Inntekt	Rekneskap		
Kommunedirektør stab	11 447	21 281	5 711	-3 723	1 989	12 627	-4 478	8 149	-6 160	-309,8 %
Oppvekst og kultur	64 614	58 053	91 193	-11 859	79 334	92 714	-13 012	79 702	-367	-0,5 %
Helse og omsorg	101 548	91 891	153 070	-49 953	103 117	165 184	-49 750	115 434	-12 317	-11,9 %
Teknisk og landbruk	16 668	14 679	40 506	-25 024	15 482	40 684	-25 200	15 484	-2	0,0 %
Finansområde	33	0	0	0	0	0	-50	-50	50	0,0 %
Totalsum	194 309	185 903	290 480	-90 559	199 922	311 209	-92 491	218 718	-18 797	-9,4 %

På sektornivå vart avvika rimeleg store i forhold til både opphavleg og revidert budsjett:

Kommunedirektør stab: meirforbruk på 6,1 mill. kr. Hovudårsaka til dette er eit negativt avvik på området for pensjon og premieavvik.

Oppvekst og kultur: meirforbruk på 367 000 kr. Meirforbruket er knytt til høgt sjukefråvær, mykje overtid og høgare vikarutgifter enn refusjonar frå NAV.

Helse og omsorg: meirforbruk på 12,3 mill. kr. Her er avviket først og fremst knytt til løn og kjem av høgt sjukefråvær og overtidbruk. I tillegg har sektoren fått lågare refusjon frå ressurskrevjande tenester enn det som var budsjettert. 3,1 mill. kr er knytt til sosialteneste og barnevern som i 2023 vart lagt under Helse og omsorg. Auka utbetalingar til sosialhjelp er årsaka til avviket mot budsjettet. Kommunen har busett mange flyktningar i 2022 og 2023, og dette har i stor grad påverka auka i utbetalingane.

Teknisk og landbruk: Sektoren har eit lite avvik på 2 000 kr.

For ytterlegare opplysningar syner vi til rapporteringa til den einskilte sektor og eining under sine tenesteområde.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-446	-473	-473	-883	410	86,8 %
Utbytte	-403	-400	-400	-457	57	14,3 %
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	3 195	-2 000	-3 500	-5 085	1 585	45,3 %
Renteutgifter	6 099	4 964	9 922	12 380	-2 458	-24,8 %
Avdrag på lån	12 115	11 919	11 919	12 769	-850	-7,1 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	20 560	14 010	17 468	18 724	-1 256	-7,2 %

Vi opplevde stor renteauke i 2023 som førte til eit negativt avvik mot revidert budsjett på -1,2 millionar kroner på netto finansutgifter. Kommunen fekk positiv avkastning på fonda sine og bokførte ein gevinst på 5 millionar kroner. Aksjeutbyttet i Tussa AS vart omlag som i 2022.

Driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-103 930	-102 864	-101 342	-101 300
Inntekt- og formuesskatt	-83 296	-90 630	-88 330	-91 830
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre generelle driftsinntekter	-18 265	-28 566	-9 600	-21 578
Sum generelle driftsinntekter	-205 491	-222 060	-199 272	-214 709
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-492	-1 015	-502	-520
Utbytte	-403	-457	-400	-400
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	3 195	-5 084	-2 000	-3 500
Renteutgifter	6 126	12 400	4 977	9 935
Avdrag på lån	12 115	12 769	11 919	11 919
Sum Netto finansutgifter	20 542	18 612	13 994	17 434
Sum sentrale inntekter og finansposter	-184 949	-203 448	-185 279	-197 275
Tenesteområda - drift	191 672	212 103	182 476	193 450
Netto driftsresultat	6 723	8 655	-2 802	-3 824
Sum driftsinntekter	-293 866	-313 918	-268 044	-305 220
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,3 %	-2,8 %	1,0 %	1,3 %

Årsmelding 2023

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsettingar til bundne driftsfond	1 459	1 371	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	0	0	2 900	860
Bruk av bundne driftsfond	0	-57	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-4 592	-272	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	-1 213	-1 371	0	0
Netto avsetninger - sentrale poster	-4 347	-329	2 900	860
Avsetninger til bundne driftsfond	1 213	1 371	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-3 590	-501	0	0
Netto avsetninger i tenesteområda	-2 377	870	0	0
Sum sentrale inntekter og finansposter	-6 723	542	2 900	860


Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud.	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Avsettingar til bundne driftsfond	246	0	0	0	0	0,0 %
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	-57	57	0,0 %
Avsettingar til disposisjonsfond	0	2 900	860	0	860	100,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-4 592	0	0	-272	272	0,0 %
Netto avsetnader	-4 347	2 900	860	-329	1 189	138,2 %

Saldo på disposisjonsfondet pr 01.01.2023 var 272 337 kr og vert brukt til inndekking av årets negative driftsresultat. Saldo på disposisjonsfondet er såleis lik null ved utgangen av året.

Utvikling disposisjonsfond 2012-2023:



Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger					
Bruk av bundne driftsfond	-3 590	0	0	-557	557 0,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-4 592	0	0	-272	272 0,0 %
Sum bruk av avsetnader	-8 182	0	0	-829	829 0,0 %
Avsetninger					
Avsetninger til bundne driftsfond	1 459	0	0	1 371	-1 371 0,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	0	2 900	860	0	860 100,0 %
Sum avsetnader	1 459	2 900	860	1 371	-511 -59,4 %
Netto driftsresultat	6 723	-2 900	-860	8 655	-9 515 -1106,4 %
Sum driftsinntekter	-293 866	-268 044	-305 220	-313 918	8 698 2,8 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,3 %	1,1 %	0,3 %	-2,8 %	-109,4 % 0,0 %

Utviklinga i netto driftsresultat har vore negativ. Til samanlikning hadde kommunen eit negativt netto driftsresultat også i 2022 på 6,7 mill. kroner (i prosent av driftsinntekter -2,3 %). Dette vart inndeckt ved bruk av bundne driftsfond og disposisjonsfond. Netto driftsresultat for år 2023 enda på - 9,2 mill. kroner (-2,8 %).

Investeringer

Det er gjort ei statusvurdering per prosjekt. I samband med 1. tertialrapportering i 2024 vil det bli lagt fram sak om rebudsjettering av dei investeringane som ikkje har blitt utført i samsvar med plan, eller dersom prosjekta har vesentlege avvik mot budsjett. Dette gjeld ved både meir- og mindreforbruk.

Rebudsjettering av prosjekt vert lagt fram ved endring av blant anna:

- tidsplan
- finansiering
- lågare eller høgare prosjektaktivitet/kostnad enn planlagt
- avviksmeldingar
- andre behov som krev tilpassingar

Status investeringsprosjekt

Finansområde

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Egenkapitalinnskudd i KLP	1 448	1 500	740	791 Ikkje vurdert
Startlån (Husbanken)	-	-	1 000	0 Ikkje vurdert
Sum	1 448	1 500	1 740	791

Helse og omsorg

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Helseplattformen - investering	8 000	0	500	0 Ikkje vurdert
Sum	8 000	0	500	0

Kommunedirektør stab

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Digitalisering byggesaksarkiv	650	0	650	0 Ikkje vurdert
IKT	3 550	1 076	1 000	570 Forsinket
Oppgradering kontorfelleskap	200	0	200	0 Ikkje vurdert
Sum	4 400	1 076	1 850	570

Teknisk og landbruk

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Brannbil Sandsøya og brannutstyr	625	0	625	0 Iht. plan
Enøk-tiltak - barnehage/skule	3 751	759	1 208	0 Forsinket
Feiing og tilsyn	150	151	74	75 Iht. plan
Feltmodul slamtømming	125	100	125	100 Ikkje vurdert
Gjerdsvika hamn - industriveg	625	760	760	760 Forsinket
Gjerdsvika hamn - kai	21 850	25 337	21 600	25 221 Iht. plan
Grunnkjøp bustadfelt	2 300	41	500	30 Forsinket
Kjøkken Sandetun	1 250	1 159	773	683 Iht. plan
Kommunale skulebygg - standardheving	7 500	104	1 250	104 Ikkje vurdert
Larsnes overskotsmasse	950	1 414	893	1 357 Iht. plan
Nausttomter Larsnesvika	400	0	400	0 Forsinket
Ny branngarasje Larsnes – utgreiing	34 949	57	575	57 Iht. plan

Årsmelding 2023


Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Oppgradering avløpsnett (avløpsplanen)	11 000	1 847	2 900	431 Forsinket
Oppgradering kommunale leiligheter	1 500	414	625	0 Ferdig
Oppgradering omsorgsbustadar	1 000	201	675	39 Forsinket
Oppgradering vassleidningsnett (vassplanen)	25 000	10 291	5 000	7 243 Forsinket
Opprusting/asfalt vegar	5 627	4 512	1 750	1 767 lht. plan
Parkering Sandetun	2 150	2 223	298	372 lht. plan
Planleggingskostnader/kart	3 425	2 122	925	1 158 lht. plan
Sandetun nye/omgjerings omsorgsbustadar	58 250	4 146	9 443	3 839 lht. plan
Sandetun sydsida	0	176	0	176 lht. plan
Sandetun teknisk anlegg	313	495	0	347 lht. plan
Solceller Sandetun	4 500	4 534	4 500	4 534 Ikkje vurdert
Storehaugen bustadfelt	24 000	22 526	9 293	7 819 lht. plan
Teknisk anlegg Rådhus	0	240	0	240 Ikkje vurdert
Uteområde skule/barnehage	1 100	465	475	151 lht. plan
Utsifting veglys	3 188	1 644	750	1 072 lht. plan
Utstyr kommunalteknikk	1 600	813	475	466 lht. plan
Sum	217 127	86 532	65 892	58 040

Lånegjeld

Sande kommune har ei total lånegjeld på kr 349 561 297 per 31.12.2023. Under finn ein lånegjelda fordelt på flytande og fast rente:

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	73 000 000	20,88 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	155 999 000	44,63 %
Sum rentebinding	228 999 000	65,51 %
Flytende rente (p.t. vilkår)	120 562 297	34,49 %
SUM	349 561 297	100,00 %

For Sande kommune ser ein følgjande utvikling i gjennomsnittrente på låna våre gjennom året:



Porteføljen og markedsrenter	(Rentene er justert for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)						
Vektet gjennomsnittrente	P.T.KBN	Norges Bank	3 MND	6 MND	12 MND	3 År	5 År
3,84 %	5,50 %	4,50 %	4,91 %	5,06 %	4,71 %	4,16%	4,07%
Markedsrenter og porteføljens betingelser	Ved utløpet av rapporteringsperioden						

Opptak av nye lån og refinansieringar:


Ny långiver	Dato	Beløp	Rente	Forfall/renteregulering
SB1M	14.02.2023	18 000 000	3,160	08.03.2023
Husbanken	28.02.2023	1 000 000	3,873	01.03.2053
DNB	08.03.2023	48 999 000	3,410	08.06.2023
SB1M	08.03.2023	50 000 000	4,909	08.03.2024
KBN	01.06.2023	30 000 000	5,500	01.06.2028
DNB	08.06.2023	48 999 000	4,760	07.06.2024

Oppsummering og nøkkeltal:

Nøkkeltall	31.12.2023	01.01.2023	Forklaring
Total lånegjeld	Kr. 349 561 297	Kr. 313 438 256	Viser samlet lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er gjengitt i stamdataoversikten.
Rentebindingstid (inkl. rentebytteavtaler med fremtidig oppstart dersom det finnes slike i porteføljen).	0,78 ÅR	1,23 ÅR	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige rentebindingstid. Tallet viser hvor lenge renten på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, hensyntatt alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovedstol). Dersom en låneportefølje uten avdrag og årlige rentebetalinger har rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har en rentebinding på 12 måneder. Rentebindingstid er et kontantstrøm basert nøkkeltall og benyttes fremfor durasjon som er basert på markedsverdier.
Vektet gjennomsnittrente	3,84 %	2,38 %	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noe. Ved sammenligning mot referanserente må det tas hensyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding	3,47 ÅR	-	Måltallet angir porteføljens vektete gjennomsnittlige kredittbinding. Tallet viser hvor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovedstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Desto høyere tall, desto mindre refinansieringsrisiko har porteføljen alt annet like.

Tabellar og oversikter ovanfor er henta frå finansrapport for 2023 utarbeidd av Bergen Capital Management.

Utvikling av lånegjeld 2010-2023:



Samfunns- og befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	2 461	2 445	2 422	2 442
Fødde	23	30	19	20
Døde	24	26	35	23
Fødselsoverskot	-1	4	-16	-3
Innvandring	19	49	43	31
Utvandring	3	33	19	23
Innflytting, innanlands	61	75	108	79
Utflytting, innanlands	92	117	97	87
Netto innvandring og flytting	-15	-26	35	0
Folkevekst	-16	-23	20	-4
Folketalet ved utgangen av kvartalet	2 445	2 422	2 442	2 438

Sande kommune har ved utgangen av 4. kvartal 2023 totalt 2 438 innbyggjarar. Kommunen hadde gode fødselstal i 2023, og fekk i tillegg auka folketalet grunna busetjing av flyktningar, men netto innvandring og flytting enda på 0. Samanlikna med utgangen av 4. kvartal 2022 der kommunen hadde ein folkevekst med 20, gjekk folketalet ned i 2023 med 4 innbyggjarar.

I følge SSB sine regionale befolkningsframskrivingar er talet på innbyggjarar i Sande forventa å halde seg stabilt i åra som kjem:

Forventet utvikling



Befolkning i 2030

2030

2 433 innbyggere



Befolkning i 2050

2050

2 419 innbyggere

Kilde

Regionale befolkningsframskrivninger, Statistisk sentralbyrå


Andelen barn og unge har gått kraftig ned i kommunen sidan 1992, men er forventet å halde seg meir stabilt på dagens nivå i åra som kjem:

Demografi



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Barn og unge 1993-2023, framskriving til 2033




Sande kommune

SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) ligg til grunn for framskrivingane.

Kjelde: SSB



Andelen personar over 67 år er derimot forventta å auke kraftig:



Kommunen sine tenesteområde

Kommunedirektør stab

Skildring av tenesteområde

Det vart gjennomført organisasjonsendringar, som formelt vart sett i verk 1. august 2023. Det som tidlegare var sektor politisk og administrasjon med stab, økonomi og administrasjonsavdeling, HR, IKT og flyktingteneste vart endra til tre avdelingar med avdelingsleiarar, og lagt rett under kommunedirektøren. Ansvar for flyktingtenesta vart flytta til sektor for oppvekst og kultur. Sektor kyrkje og næring, vart endra til avdelinga plan og næring, med avdelingsleiar i staden for kommunalsjef.

Kommunedirektøren sin stab består difor av kommunedirektøren sitt eige ansvarsområde, samt fire stabsavdelingar:

- kommunikasjon
- økonomi
- HR
- plan og næring

Staben har i budsjettet ein del fellespostar som fordelast i rekneskapen ved års-slutt, deriblant premieavvik og løn til fordeling.

Overordna mål

- Innbyggjarane skal få ei positiv oppleving i møte med kommunen.
- Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar og samarbeidspartnar.
- Kommunen skal ha fokus på innbyggjar-dialog og samhandling med frivillige og næringsliv.
- Sande kommune skal saman med nabokommunane løfte Søre Sunnmøre som region.
- Vi skal skape tillit og optimisme i Sande og vere ei drivkraft for utvikling og innovasjon.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
100-Kommunedirektør adm.	8 021	7 260	6 952	-308	-4,4 %
110-Kommunikasjon	11 663	11 889	11 223	-665	-5,9 %
120-Økonomi	4 491	3 867	4 033	166	4,1 %
130-HR	-11 791	-14 764	-20 776	-6 011	-28,9 %
140-Plan og næring	-937	-102	556	658	118,4 %
Sum	11 447	8 149	1 989	-6 160	-309,8 %

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektør stab har samla sett eit meirforbruk i 2023 på nesten 6,2 mill. kroner.

Avviket i sektoren er fordelt slik:

- Kommunedirektør adm.: - 308 000
- Kommunikasjon: - 665 000
- Økonomi: 166 000
- HR: - 6 011 000
- Plan og næring: 658 000

I all hovudsak er meirforbruket knytt til området for pensjon og premieavvik som er lagt under HR.

Kommunedirektør adm.:

Meirforbruk på grunn av at byggesakshandsaming og eigarseksjonering er kostnadsført på dette ansvaret med 433.000,- medan midlar er budsjettert på teknisk og landbruk. Det er såleis ei feilføring som vi skal passe på å føre på rett plass i 2024.

Det er også kostnadsført 314.000,- på plansakshandsaming, medan revidert budsjett i andre tertial auka budsjettmidlar her frå 0 til 200.000,-. Kjøp av inventar og utstyr knytt til nye tilsette hadde heller ikkje budsjettmidlar. På den kontoen er det rekneskapsført 129.000,-

Det er eit positivt avvik på fastløn med sosiale utgifter på 467.000,-. Dette skuldast at stillingsressurs er flytta til HR-avdelinga.

Kommunikasjon:

Kommunen opplev ei auke i tapt arbeidsforteneste og reisekostnader i forbindelse med politiske møter, noko som også vil påverke rekneskapen vidare i kommunestyreperioda. Stillingsprosenten for ordførar og varaordførar auka etter valet, i tillegg til etterløn til avtroppande ordførar i 3 mnd. Det nyreviderte politiske reglementet har også ført til auka kostnader for avdelinga, m.a. grunna utdeling av heider til dei folkevalde.

Økonomi:

Økonomi har i 2023 eit mindreforbruk på lønskostnader med 471 000,-, dette heng saman med at avdelinga har hatt 60 % vakant stilling sidan 01.08.2023. I tillegg er eit årsverk flytta til ansvar for HR i samband med omorganisering, men budsjettmidlane heng att på økonomiavdelinga. Dette må ein difor sjå i samanheng med noko av avvik løn under HR.

På andre driftskostnader har ein hatt meirforbruk på 337 000,- som skuldast for lågt budsjett i forhold til dei faktiske kostnadane ein har hatt til kjøp av tenester frå andre. På inntektssida ligg ein litt over budsjett. Økonomiavdelinga endar totalt sett opp med eit mindreforbruk på 166 000,-.

HR:

HR-avdelinga har i 2023 eit negativt driftsresultat på 6 mill. kroner. Ansvar for pensjon og premieavvik er lagt under HR-avdelinga, og avviket er i stor grad knytt til dette. Avdelinga bokfører alle kostnader og inntekter knytt til pensjon. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik tilbakeførast (amortiserast) over dei neste 7 åra. Amortiseringa er noko lengre for eldre premieavvik.

Omlag 5 millionar av negativt driftsresultat kjem frå pensjon/premieavvik. I all hovudsak er dette knytt til at reguleringspremien i 2023 vart svært høg og større enn forventa. Det øvrige avviket kan forklarast med at HR-avdelinga ikkje har hatt eige budsjett. Budsjettmidlar løn for dei to årsverka ligg på andre stabsområde.

Plan og næring:

Innan plan og næring er det samfunnsbåten og bruk av næringsfond som utgjør dei største kostnadspostane. For 2023 er kostnader knytt til samfunnsbåten og næringsfond finansiert gjennom fylkeskommunale/statlege tilskot.

Andre større kostnader i 2023 er kjøp av tenester i samband med revisjon av arealplan. Dette er kostnader som det i utgangspunktet ikkje var budsjettert med i 2023. Andre kostnader er knytt til avtalebaserte samarbeid som eks Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, ÅKP og Lufthamnforum.

Utover nemnte tilskot har området ei meirinntekt i 2023 frå sal av konsesjonskraft. Denne meirinntekta dekker nemnte meirforbruk knytt til kjøp av tenester til planarbeid, og gjer at området samla sett har eit lite men positivt avvik i 2023.

Oppsummert for kommunedirektøren sin stab: Eit negativt avvik samla sett.

For ytterlegare informasjon om stabsavdelingane vert det elles vist til rapporteringa under kvar avdeling.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Digitalisering byggesaksarkiv	650	0	650	0 Ikkje vurdert
IKT	3 550	1 076	1 000	570 Forsinket
Oppgradering kontorfellesskap	200	0	200	0 Ikkje vurdert
Sum	4 400	1 076	1 850	570

Kommunikasjon

Skildring av tenesteområde

Kommunikasjonsavdelinga er nyoppretta i 2023, og består av avdelinga som tidlegare heitte servicekontor. I tillegg har no innkjøpsfunksjonen blitt flytta til avdelinga, saman med IKT og digitalisering.

Kommunikasjonsavdelinga er ei avdeling med fleire funksjonar og ansvar. Med mange nye leiarar og medarbeidarar i organisasjonen har det vorte mykje opplæring av nytilsette, bestilling av utstyr og tildeling av lisensar m.m. I tillegg til ei stor omorganisering i staben, skjedde det også ei større omorganisering i helse og omsorg. Dette førte til fleire oppgåver for kommunikasjonsavdelinga og derav ei auke i bruk av ressursar.

Hovudoppgåvene til avdelinga er oppsummert:

- Kommunikasjon og informasjon
- Politisk sekretariat
- Arkiv og dokumentsenter
- Personvern og sikkerheit
- Avvik og kontroll
- Innkjøp
- IKT-leveranse og digitalisering
- Opplæring – både internt og eksternt

Avdelinga er samansett av ulike roller og funksjonar, som utgjør ei rekke fellesoppgåver for kommunen. Ved inngangen til 2023 hadde avdelinga 3,6 årsverk i tillegg til leiar. Ved årsslutt var avdelinga redusert til 2,9 årsverk i tillegg til leiar.

Av nye funksjonar som har kome til i løpet av 2023 kan nemnast:

1. strøyming av kommunestyremøter o.l. med publisering via youtube
2. mottak av privat-arkiv
3. utvida innsynsløysing med offentleggjering i fulltekst
4. oppretting av LinkedIn-konto til publisering av utlyste stillingar m.m.
5. ressursforvaltning (ajourhald av tilgangar og lisensar, bestilling av digitalt utstyr til tilsette m.m.)

Viktige hendingar

Kommunen er oppteken av å ha eit klart språk, som er forståeleg for alle. Det er difor ein liten milepæl at kommunen no endeleg har fått eige kommunenamn som domene, så vi ikkje lengre treng "i Møre og Romsdal" som forklaring bak domenet vårt.

Aktivitetar som er gjennomført i avdelinga i 2023:

Den reduserte bemanningssituasjonen førte til at avdelinga måtte sette inn sommarvikar i sommarmånadane, noko som var ønskeleg å vidareføre i vakansen på 70 %. 2023 var valår og gjennomføringa av valet kravde mykje ekstra ressursar. Vikar med god arkivkompetanse gjorde at vi fekk dagleg drift til å gå rundt og vi fekk utført ein del arkivarbeid. Med innkjøpsstopp i haust måtte vi diverre gå tilbake til redusert bemanning, og det er også status frå 2024.

I kommunikasjonsarbeidet har avdelinga halde "Klart språk"-kurs for tilsette, som eit ledd i å gjere tekst så forståeleg som mogleg for innbyggjarar og andre. Kommunen begynte med streaming av kommunestyremøta, der møta vert offentleggjort og tilgjengeleggjort som opptak på YouTube. Kommunen har også vorte meir synleg i sosiale media, gjennom LinkedIn og med fokus på bruk av Facebook som informasjonskanal.

På arkivområdet har kommunen begynt å ta imot privat-arkiv. Private verksemder og privatpersonar er ikkje pålagde å avlevere arkiv, men arkiv kan som kjent innehalde mykje historie, som kan vere av stor verdi for ettertida. Sande si arkivteneste tar difor no imot historiske arkiv frå private. Det er hittil deponert 7 privatarkiv frå Sande sidan oppstart av privatarkivtenesta i 2022.

Etter eit mangeårig kontinuerleg arbeid for å auke bulyst og omdømmebygging i kommunen, begynte avdelinga våren -23 eit prosjekt på ny profil for Sande kommune. I prosjektet landa vi på leverandør hausten -23 og innbyggjarane vil etter planen kunne sjå den nye profilen i praksis i løpet av 2024.

Sidan Sande kommune no er den einaste kommunen som heiter Sande, gjekk vi i november over til nytt domene: sande.kommune.no etter tidlegare å ha hatt -mr i domenet.

Innbyggjarane finn difor heimesida med nytt domene, og alle e-post-adresser i kommunen er endra på same vis.

Det er heile tida behov for auke i opplæring, både av nyttilsette og i nye system. Både opplæring i nye modular og funksjonar i sak/arkivsystem og opplæring i m.a. kvalitetssystem høyrer til kommunikasjonsavdelinga. Med mange nyttilsette har året bestått mykje i opplæring og omstilling. For å henge med i den digitale transformasjonen (vår evne til å ta i bruk digitale verktøy for å forbetre tenestene) er tempoet høgt på avdelinga med både opplæring og trygging av eigne ressursar og vidare opplæring av andre, både internt og eksternt.

I Sjustjerna held våre tilsette kurs for andre kommunar og bidreg til fellesskapet på Søre Sunnmøre med kompetanse på ein framifrå måte.

Sande har vorte ein meir open og offentlig kommune i 2023. Vi har starta opp med strøyming av kommunestyremøta, noko som gjer at fleire kan følgje med i dei politiske prosessane. Det første kommunestyremøtet som vart strøyma frå kommunestyresalen vart strøyma direkte frå Facebook og hadde heile 1600 visningar.

Dei offentlege søkjarlistene blir lagt ut på innsynsløysinga etter kvart som dei er klare. Offentlege sakspapir ligg ute i fulltekst på fleire arkivdelar og det er færre innsynskrav på slike dokument, som ei følge av kommunen sitt fokus på å vere ein open og offentlig kommune.

Med reduksjon i tilgjengelege ressursar er vi avhengige av fleksible og tilpassingsdyktige tilsette, som syter for at det er tilgjengelege ressursar på sentralbord og i mottak kvar dag. Vi er difor heldige som har ein veldig løysingsorientert og omstillingsdyktig gjeng, som jobbar målretta saman for å sikre gode tenester for kommunen.

Kommentar til status økonomi

Kommunen opplev ei auke i tapt arbeidsforteneste og reisekostnadar i forbindelse med politiske møter, noko som også vil påverke rekneskapen vidare i kommunestyreperioda. Stillingsprosenten for ordførar og varaordførar auka etter valet, i tillegg til etterløn til avtroppande ordførar i 3 mnd. Det nyreviderte politiske reglementet har også ført til auka kostnadar for avdelinga, m.a. grunna utdeling av heider til dei folkevalde.

Den økonomiske situasjonen til kommunen har vore leiande for retning og strategiske val gjennom året. Dette har påverka både val av løysingar, jamvel som omfang av tenestenivå. Med ei nedbemanning på 0,7 årsverk i avdelinga har ressursmengda minka, medan tenestebehovet på same tid har auka. Tiltak for å vidareføre ei avdeling med redusert kapasitet har difor vore retta inn mot HMS, med det enkle mål å kunne behalde og ivareta ressursane våre, slik at dei kan utføre og ivareta tenestene på ein god og berekraftig måte. Avdelinga har jamnt gjennom året funne plassar å spare og har gjort tiltak som resulterer i innsparing på utgiftssida, m.a. med fokus på gjennomgang av antal lisensar og avtalar kommunen har med leverandørar. Eit av innsparingstiltaka har vore å stoppe all reiseverksemd utanfor Søre sunnmøre-regionen, og stoppe all deltaking på kurs og kompetanseheving som har ei kursavgift. Alle innkjøp har blitt evaluert nøye og haldt på eit minimum for å ha normal drift.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	5 431	5 460	4 785	-675	-14,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 964	1 812	1 660	-152	-9,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 403	4 999	4 943	-57	-1,1 %
Overføringsutgifter	279	268	260	-8	-3,2 %
Finansutgifter	0	1	1	1	57,3 %
Sum Driftsutgifter	13 078	12 540	11 649	-891	-7,7 %
Salgsinntekter	-63	-46	-9	37	-401,2 %
Refusjoner	-1 352	-605	-417	189	-45,3 %
Sum Driftsinntekter	-1 415	-652	-426	226	-53,0 %
Netto resultat	11 663	11 889	11 223	-665	-5,9 %

Økonomi

Skildring av tenesteområde

Økonomiavdelinga har 2,4 årsverk med fagansvar for økonomistyring, rekneskap, innkrevjing og finansforvaltning. Avdelinga har ansvar for oppfølging og opplæring innan økonomistyring ut i avdelingane. I tillegg sakshandsamar avdelinga søknadar om startlån (Husbanken).

Viktige hendingar

Det har vore utskifting av tilsette i avdelinga og ein fekk frå 01.08.2023 ny økonomileiar og spesialkonsulent. Det kan nemnast at det vert prøvd ut ei ordning som går ut på at ein har slått saman arbeidsoppgåver på tvers av økonomiavdelinga og helse- og koordinerande eining. Vi delar såleis på eit årsverk, derav 40 % på økonomi. Denne ordninga skal i første omgang vare i eitt år, fram til 01.08.2024.

Store utskiftingar av leiarar i kommunen har medført at det har vore sterkt fokus på opplæring og oppfølging av leiarar med hensyn til økonomistyring, rapportering og budsjettarbeid.

I 2023 har avdelinga utarbeida økonomireglement som vart vedtatt av kommunestyret i desember. Det har også vore jobba med å revidere tilvisingsmynde og finansreglementet. Arbeidet med finansreglementet fortset vi med i 2024.

Kommentar til status økonomi

Økonomi har i 2023 eit mindreforbruk på lønskostnadar med 471 000,-, dette heng saman med at avdelinga har hatt 60 % vakant stilling sidan 01.08.2023. I tillegg er eit årsverk flytta til ansvar for HR i samband med omorganisering, men budsjettmidlane heng att på økonomiavdelinga. Dette må ein difor sjå i samanheng med noko av avvik løn under HR.

På andre driftskostnadar har ein hatt meirforbruk på 337 000,- som skuldast for lågt budsjett i forhold til dei faktiske kostnadane ein har hatt til kjøp av tenester frå andre. På inntektssida ligg ein litt over budsjett.

Økonomiavdelinga endar totalt sett opp med eit mindreforbruk på 166 000,-.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 172	2 872	3 344	471	14,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 068	464	365	-99	-27,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	556	669	432	-237	-54,8 %
Overføringsutgifter	154	110	110	0	0,0 %
Finansutgifter	22	1	0	-1	0,0 %
Sum Driftsutgifter	4 972	4 116	4 251	134	3,2 %
Salgsinntekter	-7	-37	-89	-52	58,4 %
Refusjoner	-475	-212	-129	83	-64,8 %
Sum Driftsinntekter	-481	-249	-218	32	-14,5 %
Netto resultat	4 491	3 867	4 033	166	4,1 %

HR

Skildring av tenesteområde

HR avdelinga i Sande kommune består av to årsverk som har ansvar for lønsutbetaling, refusjon og overordna personalforvaltning. Dette arbeidet består mellom anna av utarbeiding av rutinar, opplæring og rettleiing til leiarar, utvikle og drifte fagsystem, medverke i endringsprosessar og organisasjonsutvikling og utvikling av strategidokument.

Rettesnora i arbeidet er KS sin hovudavtalen og hovudtariffavtalen, men også arbeidsmiljølova, kommunelov og andre relevante lov og avtaleverk.

HR har tidlegare vore ein av fleire funksjonar i stab, men hausten 2024 overført til eit eige ansvar og fungerer i dag som ei eiga avdeling under kommunedirektøren.

Viktige hendingar

I 2023 har administrasjonen i Sande opplevd store utskiftingar i leiargruppa. Det har vore krevjande i høve oppfølging av vanlege rutinar og opplæring. Samstundes har det vore stor motivasjon i gruppa til å sette felles kurs i arbeidet vårt.

HR avdelinga har fått teke del i mange prosessar. Vi har ilag med sektorsjefar og tillitsvalde har brukt hausten til å revidere kommunen sin lønspolitikk. Politikken er enda ikkje vedteken, men vil verte løfta til Administrasjonsutvalet i løpet av våren 2024. I samband budsjettprosessane har vi starta arbeidet med å gjeninnføre elektronisk heimelsversikt. Dette trur vi vil verte eit godt og viktig styringsverktøy for oss.

På hausten hadde vi lønsforhandlingar for kapittel 3 og 5. Representantar for arbeidsgivar var HR leiar og kommunedirektør og vi opplevde forhandlingane som gode og konstruktive.

Mot slutten av året deltok vi på KS Advokatane si årlege arbeidsrettskonferanse. Konferansen såg vi digitalt ilag med dei fleire av dei andre i sjustjerna.

Kommentar til status økonomi

HR-avdelinga har i 2023 eit negativt driftsresultat på 6 mill. kroner. Ansvar for pensjon og premieavvik er lagt under HR-avdelinga, og avviket er i stor grad knytt til dette. Avdelinga bokfører alle kostnader og inntekter knytt til pensjon. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik tilbakeførast (amortiserast) over dei neste 7 åra. Amortiseringa er noko lengre for eldre premieavvik.

Omlag 5 millionar av negativt driftsresultat kjem frå pensjon/premieavvik. I all hovudsak er dette knytt til at reguleringspremien i 2023 vart svært høg og større enn forventa. Det øvrige avviket kan forklarast med at HR-avdelinga ikkje har hatt eige budsjett. Budsjettmidlar løn for dei to årsverka ligg på andre stabsområde.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-11 791	-14 792	-20 776	-5 983	28,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	37	0	-37	0,0 %
Overføringsutgifter	0	4	4	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	-11 791	-14 752	-20 772	-6 020	29,0 %
Refusjoner	0	-13	-4	9	-246,3 %
Sum Driftsinntekter	0	-13	-4	9	-246,3 %
Netto resultat	-11 791	-14 764	-20 776	-6 011	28,9 %

Plan og næring

Skildring av tenesteområde

Plan og næring styrer prosessane rundt kommuneplanarbeidet. Tilrettelegging av tilskotsordningane knytt til næringsfond og spelemidlar, samt sakshandsaming av søknader knytt til desse ordningane ligg også til ansvarsområdet. Arbeid med tidsaktuelle saker vert fortløpande sakshandsama i form av administrativ korrespondanse, vedtak, eller politiske saksframlegg.

Viktige hendingar

Handlingsdelen til delplan for idrett og fysisk aktivitet vart også i 2023 revidert. Basert på denne delplanen vart det i 2023 sendt inn 3 søknader om spelemidlar. Det er pr no ikkje kome tilbakemelding på endeleg status på dei 3 søknadane.

Det har også gjennom 2023 vore arbeidd med rullering av arealplanen-byggegrenser. Det er i hovudsak avklaring knytt til sikker byggegrunn som har vore utfordringane, men sikre mål er fortsatt å fullføre det planarbeidet som har vorte oppstarta.

Også i 2023 har det vore midlar i det kommunale næringsfondet. Gjennom året har 5 verksemdar søkt kommunalt næringsfond, og det er gitt tilsegn på totalt 297.000 kr.

HopplID-ordninga har også vore ei tilgjengeleg tilskotsordning i 2023. Ein søknad har fått tilsegn om HopplID-tilskot. HopplID-kursa er lagt om til nettbasert kurs med 10 korte samlingar gjennom 3 veker. Dei nettbaserte samlingane er tilpassa søkeprosessen, og kurset er med det også eit godt rettleiingstilbod til den enkelte gründer i sitt arbeid med ein HopplID-søknad.

Reiselivsprosjektet trinn III, leia av Destinasjonsselskapet, starta opp 2023. Frå Sande deltek to tre verksemdar, og prosjektet sitt fokus er fortatt retta mot utvikling av nye produkt og samansetning av produktpakkar som har til formål å få turistar/besøkande til å opphalde seg i regionen over fleire døgn.

I 2023 vart det gjort vedtak om å starte opp grunntiningar i Gjerdsвика (Gjerde), Sandsøya (NøreSande), og Larsnes (Haugen). Desse grunntiningane er framleis i prosess.

Kommentar til status økonomi

Innan plan og næring er det samfunnsbåten og bruk av næringsfond som utgjør dei største kostnadspostane. For 2023 er kostnader knytt til samfunnsbåten og næringsfond finansiert gjennom fylkeskommunale/statlege tilskot.

Andre større kostnader i 2023 er kjøp av tenester i samband med revisjon av arealplan. Dette er kostnader som det i utgangspunktet ikkje var budsjettet med i 2023. Andre kostnader er knytt til avtalebaserte samarbeid som eks Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, ÅKP og Lufthamnforum.

Utover nemnte tilskot har området ei meirinntekt i 2023 frå sal av konsesjonskraft. Denne meirinntekta dekker nemnte meirforbruk knytt til kjøp av tenester til planarbeid, og gjer at området samla sett har eit lite men positivt avvik i 2023.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	6	398	13	-384	-2848,1 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 123	1 577	2 042	465	22,8 %
Overføringsutgifter	602	525	1 338	813	60,7 %
Finansutgifter	600	688	0	-688	0,0 %
Sum Driftsutgifter	2 331	3 188	3 394	206	6,1 %
Salgsinntekter	-306	-463	-128	335	-261,0 %
Refusjoner	-231	-276	-559	-282	50,5 %
Overføringsinntekter	-2 465	-2 454	-2 151	302	-14,1 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-266	-97	0	97	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 268	-3 290	-2 838	452	-15,9 %
Netto resultat	-937	-102	556	658	118,4 %

Oppvekst og kultur

Skildring av tenesteområde

Under oppvekst- og kultursektoren har vi 5 barnehagar, 3 skular, kulturskule, PPT, bibliotek, overordna kulturtilbod og flyktningtenesta. Flyktningtenesta vart lagt til sektoren sommaren 2023. Det er omlag 95 årsverk i sektoren.

Ved utgangen av desember 2023 hadde vi 115 born i barnehagen, tilsvarende 164 plassar. I skulen 235 elevar, og i kulturskulen 84 elevar.

Overordna mål

- Sande kommune skal vere ei attraktiv kommune med god tilrettelegging for leik, læring, inkludering og utvikling
- Tidleg innsats med inkluderande og trygge omsorgs- og læringsmiljø for alle barn og unge
- Variert kultur-/aktivitetstilbod med trygge, kreative og utviklande arenaer
- Behalde, utvikle og rekruttere trygge, myndiggjorte, kompetente og fagleg oppdaterte medarbeidarar

Viktige innsatsområde:

- Barn og unges medverknad
- Godt foreldresamarbeid
- Rett kompetanse nær barn og unge
- Inkluderande fellesskap
- Tverrfagleg samhandling som er satt i system

BTS-modellen (Betre tverrfagleg samhandling)

Dette er ein digital samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar der er knytt ei bekymring eller undring til. Modellen skal bidra til å sikre heilskapleg, systematisk, tidleg og koordinert innsats.

PALS

PALS er ein skuleomfattande innsatsmodell. Dei tilsette legg vekt på positiv involvering og oppmuntring, og gjev føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Tiltaka skal fremje god sosial og skulefagleg læring, og reduserer tal på elevar med åtferdsvanskar. I Sande arbeidar vi etter denne innsatsmodellen både i skulane og barnehagane, og med desse verdiane i fokus; **ansvar, omsorg og respekt**.

Viktige hendingar

Ny kommunalsjef

Kommunalsjef for oppvekst- og kultur gjennom mange år gjekk av med pensjon i februar, og ny kommunalsjef vart tilsett i juni –23. Det vart gjort midlertidig konstituering i perioden mellom.

Flyktningtenesta

Flyktningtenesta var tidlegare lagt til kommunikasjonsavdelinga, men vart frå juni 2023 organisert under oppvekst- og kultursektoren. Det vart tilsett ny flyktningkonsulent i september.

Vigilo – nytt oppvekstadministrativt system

Det vart innført nytt oppvekstadministrativt system i kommunane i 7- stjernesarbeidet. Oppbygging og opplæring av systemet starta opp i mai, og frå 01.08 vart dette tatt i fullstendig bruk. Alle tilsette har deltatt i opplæring og innføring i systemet.

Jubileum kulturskule

Kulturskulen feira 30 år, og markerte dette med stor jubileumskonsert.

NRK - Superbussen

Gursken IL søkte NRK om å få Superbussen til Sande, og inviterte kommunen til samarbeid om å få med borna i barnehagane og elevane i skulen til felles samling ved Gursken oppvekstsenter. Einingane melder om at det var svært positivt å samle alle born og unge i kommunen til ein felles aktivitet.

Ungdomsarbeidar og ungdomsklubb

Gjennom året har vi hatt tilsett ungdomsarbeidar i 100% stilling. Vedkomande har vore aktiv på ungdomen sine ulike arenaer både i skule og fritid, og ein har fått sett fokus på og auka tilbodet til ungdom. Ungdomsarbeidar har også arbeidd ved ungdomsklubben i regi av Larsnes IL. Klubben har hatt stort oppmøte, og har vore eit lenge etterspurt tiltak. Pga. økonomi, vart klubben lagt ned sommaren 2023.

Tilskot ung kunst og kultur

Sande kommune inngjekk ein samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylke ang tilskot til Ung Kunst og Kultur. Den gjensidige avtalen på kr. 150000 har gått til styrking av ungdomskultur med bl.a. UKM fylkesarrangement i samarbeid med Herøy kommune, tilbod om dans og kreativ teikning.

Sommar-sfo

Tilbod om to veker sommar-sfo ved Larsnes skule for alle aktuelle i Sande.

Kompetanseheving i barnehage og skule

Staten legg føringar for kompetanseutvikling gjennom to ordningar, den eine er kompetansetiltak i tilskotsordninga med vidareutdanning og den andre er lokal kompetanseutvikling i partnerskap med Høgskulen i Volda. Fleire tilsette har fått tilført kompetanse gjennom ordninga. I den lokale kompetanseutviklinga har satsinga vore språk i barnehagen og lesing i grunnskulen, eit arbeid som er gjennomført saman med to nabokommunar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
200-PPT kontor	2 670	2 813	2 814	1	0,0 %
210-Oppvekst felles	2 482	3 961	5 541	1 580	28,5 %
211-Flyktning	0	7 400	7 314	-85	-1,2 %
220-Gjerdsvika oppvekstsenter	3 599	3 921	3 772	-150	-4,0 %
230-Haugelia barnehage	6 783	6 987	6 689	-298	-4,5 %
240-Gursken oppvekstsenter	17 194	17 801	16 946	-855	-5,0 %
250-Larsnes oppvekstsenter	11 437	12 674	12 630	-43	-0,3 %
260-Sandsøy oppvekstsenter	1 127	1 381	1 427	46	3,2 %
270-Kvamsøy oppvekstsenter	7 784	8 691	8 546	-145	-1,7 %
280-Hauemarkja barnehage	8 289	10 062	9 844	-218	-2,2 %
290-Kultur felles	868	1 299	1 380	81	5,9 %
291-Kulturskolen	1 451	1 641	1 496	-145	-9,7 %
292-Biblioteket	929	1 070	934	-137	-14,6 %
Sum	64 614	79 702	79 334	-367	-0,5 %

Kommentar til status økonomi

Samla sett gjekk sektoren omlag i balanse når vi ser alle dei 13 einingane samla. Det er eit lite meirforbruk på 367 000 kroner, som tilsvarar 0,5 %.

Lønn

Lønn er den store kostnaden på området. Det vart gjennomført ei større revidering av budsjettet med bakgrunn av fyrste tertialrapport då det i opprinneleg budsjett ikkje var teke med midlertidige stillingar og vikariat.

Totalt for sektoren er det eit meirforbruk på lønn på omlag 800 000 kroner.

Årsaka er samansett men kan i stor grad knytast opp til at det har vore for lavt budsjettetert på pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift.

Det er stort press på dei tilsette i barnehage og skule, og det er utfordrande å få tak i vikarar. Dermed må det nyttast ein del overtid for å sikre forsvarleg bemanning og for å gjennomføre nødvendige møter og planlegging. Ein annan årsak til at meirforbruket ikkje er større er at leiarane tek på seg mykje arbeid ute i einingane og at dei andre tilsette strekker seg langt i å tilpasse drifta då det er omlag umogleg å skaffe vikarar.

Andre driftskostnader

Det er god budsjett disiplin i sektoren knytt til andre driftskostnader. Det var budsjetter med omlag 17,4 million i sektoren og rekneskapen viser eit meirforbruk på 0,4 million. Omlag halvparten av utgiftene er knytt til ansvarsområde flyktning, der vi kjøper tenester for omlag 8,7 million med andre kommunar.

Jamt over er det eit lite meirforbruk på dei fleste skular/barnehagar men vi har mindreforbruk på oppvekst felles.

Inntekter

På brukarbetaling og matpengar er vi omlag på budsjett. Området har fått omlag 975 000 kroner meir i inntekt enn budsjettet. Dette er i tilknytning til mottak av flyktningar og må sjåast i samanheng med auka utgifter på kjøp av tenester på same ansvar.

Lærarnorm i skulen og bemanningsnorm i barnehagen, samt barnehage og skulestruktur, regulerer omfanget av stillingar og ressursar ute i einingane for å gi barn støtte og hjelp ut frå deira sine føresetnader.

Omfanget av timar har vore på eit fagleg minimum og difor har det vore nødvendig med meir ressursbruk når ekstra behov oppstår.

Sektoren opplever ei auka i forventning til levering av tenester i form av fleire barnehageplassar, press på opningstid i barnehagane, gratis kjernetid i SFO, foreldre som vel privatskule og privat barnehage i andre kommunar, sommar-SFO, redusert foreldrebetaling og oppretting av stilling, alt dette har konsekvensar og vil auke utgifter. Inntektspostane som foreldrebetaling SFO og barnehageplass var for høgt budsjettet då det er innført gratis kjernetid og reduisering av satsane for barnehageplass.

Leiarane og dei andre tilsette har gjort ein god jobb for å begrense underskotet.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,72 %	5,33 %	8,05 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,72 %	4,76 %	7,48 %

Status sjukefråvær og HMS

Det totale sjukefråværet i sektoren er litt lågare enn tidlegare år og ligg på i underkant av 8%. Langtidssjukemelding i nokre av einingane gjev store utslag då det er forholdsvis få tilsette på kvar eining. Sett opp mot historiske tal i eininga er dette lågt, men tala som ligg til grunn i perioden 2020 - 2022 må sjåast i samanheng med pandemien.

Det er utfordrande å skaffe vikarar i skule og barnehage. Leiarane i einingane rapporterer tilbake at det er eit aukande problem. Det er få som er tilgjengeleg for å ta på seg tilfeldige oppdrag i skule og barnehage. Det fører til at det er stort press på dei tilsette for å dekkje opp for kvarandre. Enten ved å slå saman klasser/grupper eller ved å nytte overtid. Det vert og rapportert avvik på at vi ikkje alltid klarer å følgje fastsett lovverk innanfor bemanning.

Ein annan konsekvens er at leiarane brukar store delar av tida si på å vere vikarar sjølve for å dekkje opp. Då mister organisasjonen kapasitet til å drive utvikling og oppfølging av dei tilsette.

Det vert rapportert attende om at det er eit stort press på tilsette og leiarar i sektoren.

PPT kontor

Skildring av tenesteområde

PPT i Sande har tre rådgjevarar inkludert leiing og 40% merkantilt. Mandatet til PPT er heimla i Opplæringslova § 5.6 og Barnehagelova § 33.

PPT skal bistå i utviklingsprosjekt i barnehage og skule, bistå i tverrfagleg samarbeidsfora, gi informasjon om andre hjelpeinstansar, styrke kompetansen til foreldre, barnehage og skule i faglege og sosiale tema i tillegg til å hjelpe barnehagane og skulane med struktur og organisasjon. Barn og unge med særlege behov som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa har ein individuell rett til å få ei sakkunnig vurdering utført av PPT.

Viktige hendingar

Systemarbeid for å førebygge og fremje kvalitet er utført regionalt og lokalt. Kompetanseutvikling styrt av Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal forventar deltaking av PPT som ein sentral aktør.

PPT sitt arbeid med kompetanse- og organisasjonsutvikling har i 2023 vore retta mot samhandling i Sjustjerna om kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og i Trekløversamarbeidet i regional kompetanseutvikling for barnehagane.

Sande kommune sitt vedtak om at alle barnehagane og skulane skal arbeide systematisk med støttande læringsmiljø og samhandling er vidareført ved at rådgjevar på PPT har hatt ansvar for opplæring av nye tilsette, hatt oppfølging i nettverk og ved at ho har hatt direkte rettleiing på einingar etter behov.

Det politiske vedtaket om BTS krev skulering og oppfølging. Ein pp-rådgjevar er aktiv i leiing av arbeidet.

PPT hadde frå mars til juli 100% mindre bemanning og i same periode var det eit høgt arbeidspress for dei andre.

Ein tilsett har jamlege PMTO-rådgjeving til foreldrepar med barn under 12 år.

Ein annan tilsett har inneverande barnehageår utøvd spesialpedagogisk hjelp i omlag 25% av stillinga grunna mangel på formell kompetanse og kapasitet i ein barnehage.

I prosessen for å utføre sakkunnig vurdering er samhandling kritisk for kunne fullføre innan rimeleg tid.

Kommentar til status økonomi

Lønn

Som budsjettet.

Utgifter

Mindreforbruk på andre utgifter på 80 000 kroner som skuldast mindre kompetanseheving, mindre kjøring enn forventa.

Inntekter

Mindre inntekter på 80 000 som skuldast urealistisk forventning til inntekter.

Samla setter er tenesteområde i balanse.

Resultatet på lønn ligg omtrent som budsjettert.

Det har vore mindre forbruk enn budsjettert og mindre inntekter enn budsjettert, eit samla resultat i balanse.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 126	2 741	2 735	-5	-0,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	186	159	253	94	37,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	9	12	0	-12	0,0 %
Overføringsutgifter	30	29	29	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	3 350	2 940	3 017	77	2,5 %
Refusjoner	-605	-126	-202	-76	37,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-75	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-680	-126	-202	-76	37,5 %
Netto resultat	2 670	2 813	2 814	1	0,0 %

Flyktning

Skildring av tenesteområde

Flyktningtenesta i Sande kommune vart flytta til sektoren sommaren 2023.

Det er tilsett 1 flyktningkonsulent i 100 % stilling, og ein russisk talande miljøarbeidar i 50 % stilling.

Flyktningtenesta samarbeidar og samhandlar tverrfagleg med dei andre tenesteområda i kommunen mellom anna frivillighetssentralen.

Flyktningtenesta har ansvar for busetting og integrering av flyktningar. Sidan Sande kommune ikkje har opplæringscenter for vaksne kjøper kommunen norsk opplæring, og tenester innanfor integreringsprogrammet med Ulstein kommune. Når det gjeld grunnskuleutdanning for vaksne kjøper Sande kommune skuleplassar med Hareid Ressurssenter.

Sande kommune har busett mange Ukrainske flyktningar som har vedtak om kollektiv beskyttelse. Desse har foreløpig opphalds- og arbeidsløype i Norge ut juni 2025. I tillegg har kommunen også busett overføringsflyktningar (FN), og flyktningar med vedtak om familie innvandring.

I 2023 busette Sande kommune 30 flyktningar. Desse er busette både i Gjerdsvika, Haugsbygda, Gursken, Larsnes og Kvamsøy.

Barna går i barnehage, barneskule, SFO, ungdomsskule og vidaregåande skule (Ulstein). Ein del vaksne har fått seg jobb både innanfor private bedrifter og innanfor offentleg sektor.

Kommentar til status økonomi

På området for flyktningtenesta har ein samla sett eit lite meirforbruk på 85 000 kroner. Integreringstilskotet frå staten vert fordelt etter faktisk kostnadar på avdelingane/ansvar.

Lønn

Det er 1,5 årsverk på området, her er eit meirforbruk på lønn på om lag 250 000 kroner.

Utgifter

Er i stor grad knytt til kjøp av tenester med andre kommunar.

Inntekter

Store delar av tilskotet til kommunen er ført på ansvaret for å kompensere for meirutgiftene.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	0	661	398	-263	-66,0 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	141	133	-8	-6,0 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	8 727	6 783	-1 944	-28,7 %
Overføringsutgifter	0	2	2	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	0	9 531	7 317	-2 214	-30,3 %
Refusjoner	0	-2 131	-2	2 129	-101269,5 %
Sum Driftsinntekter	0	-2 131	-2	2 129	-101269,5 %
Netto resultat	0	7 400	7 314	-85	-1,2 %

Gjerdsvika oppvekstsenter

Skildring av tenesteområde

Gjerdsvika barnehage, ein liten og kjekk barnehage, i ei lita bygd. Her er gode moglegheiter for god lek og læring både ute og inne.

Gjerdsvika barnehage ligg sentralt i Gjerdsvika med fjell og fjøre som næraste nabo, som gjev oss gode og spanande tur opplevingar. Barnehagen består no av to avdelingar, ein småbarnsavdeling og ein storbarnsavdeling og er godkjend for 27 plassar. Vi hadde på det meste i 2023, 18 born og 29 plassar. Vi har tilgang til gapahuk, gymsal og ballbinge, som alle står til fri bruk i barnehagetida.

Vi investerer mykje tid gjennom året på å bli kjend med nye born og foreldre og få til ei god tilknytingsperiode. Det er eit viktig arbeid som gjerast her, for å gjere born og foreldre trygge i barnehagen og med dei tilsette. Det er kjekt å bli kjende med både små og store.

Når vi ikkje har fylt opp barnehageplassane ved oppstart om hausten, har vi inntak i løpet av året når det er behov. Dette inneber også eit behov for å endre tal på tilsette i løpet av året. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som til tider tar tid frå andre oppgåver/aktivitetar i barnehagen. Tida har endra seg og det har blitt fleire born i barnehagen. Dette har vore positivt for gruppa, då vi kan dele dei eldste og dei yngste på forskjellige grupper. Dei eldste får moglegheit til å boltre seg utan å heile tida måtte ta omsyn til dei små, og dei små får meir ro og plass til å bevege seg rundt på eiga hand. Vi har også noko fellestid, der dei kan vere i lag, bli kjend med kvarandre og vise omsyn.

Vi arbeidar heile tida for å ha ei utvikling for å verte betre på å drive ein god barnehage. Nokre av satsingsområda har vi hatt med oss over fleire år og nokre er nye. *PALS* (positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er eit godt verktøy i samhandling mellom barn-barn og barn-voksen. *Rekomp* (regional ordning for kompetanseutvikling) driver vi i lag med Høgskulen i Volda og samarbeidskommunar. Vi har i 2022 her hatt ei satsing på språkarbeid. Målet er å heve kompetansen til dei tilsette i barnehagen. *BTS* er eit godt og lokalt tilpassa verktøy til å kartlegge barn med ulike utfordringar og vi jobbar med implementering av det. *10 faktor* - eit verktøy for å følgje opp medarbeidarundersøking. Eit godt arbeidsmiljø påverkar oss også i det daglege arbeidet med borna. Vi er heldige som har samarbeid med BUP småbarnsteam 4 gongar i året. Der får vi høve til å drøfte generelle spørsmål knytt til psykisk helse blant born under 5 år.

Borna som skal starte på skulen har ei førskulegruppe, der dei møtast i og har aktivitetar tilpassa gruppa og som er skuleførebuande. Det var også felles avslutningstur for alle førskuleborna i Sande, til Atlanterhavsparken i Ålesund. Det er også i 2023 gjennomført felles foreldreskule i kommunen for dei foreldre som har skulestartarar. Her er PPT, helsestasjon, fysio, kommunepsykolog og skulen også inne.

Bemanning er svært sentralt i drifta av ein barnehage. Bemanningsnorma er i utgangspunktet for snever for å ha kapasitet til å jobbe etter sentrale føringar og for å ha nok tilsette til å drive ei pedagogisk verksemd. Dette gjeld også Gjerdsvika barnehage.

Det er svært utfordrande å få tak i tilkallingsvikarar, spesielt med barnehageerfaring og vikarar for korte/ lengre vikariat. For å halde barnehagen open til ei kvar tid, har det har vore ei rekke ombytingar av personale, som igjen gjer at andre arbeidsoppgåver har vorte lagt til side/ utsett. Dette er til dømes plantid for dei pedagogiske leiarane og assistentane og styrer oppgåver. Noko som igjen går utover det pedagogiske arbeidet.

Det viktigaste for oss er å ha borna i fokus og gje dei det dei treng og skal ha i løpet av ein dag. Dei skal ha ein dag fylt med opplevingar, læring, glede og trygge vaksne som er der når dei treng det.

Viktige hendingar

Kjekt å kunne ta opp att alle dei tradisjonsrike samlingane, som førskuletur med dei andre barnehagane og sommarfest og julefrukost med dei føresette. Elles er kvardagen den viktigaste i borna sine liv. At kvar dag er god, og fylt av respekt, ansvar og omsorg for dei «små».

Kommentar til status økonomi

Lønn

Meirforbruk på om lag 275 000 kroner, skuldast i hovudsak at det har vore budsjettert for lågt på arbeidsgjevaravgift (50 000 kroner) og pensjonsutgifter (230 000 kroner).

Utgifter

Meirforbruk på 70 000 kroner, grunna at det har vore urealistisk lågt budsjettert på ein del poster. Til dømes så er det meirforbruk på matvarer med 30 000 kroner. Det har ikkje vore budsjettert med kommunale avgifter. Her er det rekneskapsført 25 000 kroner.

Inntekter

Meirinntekter på 200 000 kroner som skuldast at brukarbetaling og matpengar har vore for lågt budsjettert.

Samla sett 150 000 kroner i meirforbruk.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 225	5 196	4 874	-323	-6,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	319	198	124	-73	-58,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	1	1	100,0 %
Overføringsutgifter	72	38	38	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	4 616	5 432	5 037	-395	-7,8 %
Salgsinntekter	-555	-574	-418	156	-37,4 %
Refusjoner	-368	-932	-847	85	-10,0 %
Overføringsinntekter	-68	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 016	-1 510	-1 265	245	-19,4 %
Netto resultat	3 599	3 921	3 772	-150	-4,0 %

Haugelia barnehage

Skildring av tenesteområde

Haugelia barnehage er ein toavdelingsbarnehage og vi har totalt 35 barn (47 plassar). 23 barn på Leikekroken (storbarnsavdeling) og 12 barn på Armkroken (småbarnsavdeling). Sju av plassane er på dispensasjon, då vi eigentleg er godkjende for 40 plassar. Likevel har vi framleis ei lang venteliste. Per 31.12.23 var vi 11 tilsette inkludert reinhaldar.

Haugelia barnehage er ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum. Vi har fokus på gode, trygge og stabile rammer for barn, foreldre og tilsette. Dagane er prega av glede, humor, leik og trivsel. Barna får gode læring- og utviklingsmoglegheiter og vi vaksne utviklar oss i takt med samfunnet.

Utan god **omsorg** og **leik**, kan vi ikkje fremje **læring** og **danning**. Desse fire nøkkelorda går hand i hand, gjennom alle aktivitetar i barnehagen.

Verksemda vår er basert på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåve. Desse to dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat. Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverktøy for personalet og eit dokument som viser foreldre kva tilbod barna får i barnehagen.

Innanfor desse rammene har leiarane våre, i samarbeid med sine medarbeidarar og barna på avdelingane, stor handlingsfridom. Dei brukar seg sjølve, sin kunnskap og erfaring for å skape gode dagar fulle av gode barndomsminne, tilpassa det einskilde barn.



Foto: Lisbeth Nykrem

Viktige hendingar

Vi har gjennom heile året jobba medvite med vaksenrolla, i tillegg til autoritativt klima og den autoritative leiaren, som er alle dei vaksne på avdelingane. I Haugelia barnehage har vi eit godt arbeidsmiljø og dette har vi også fått stadfesting på gjennom tilbakemelding frå foreldre og vikarar.

Sande kommune er ei realfagkommune og ei PALS-kommune. I tillegg jobbar barnehagane med Rekomp (ASK), som er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og barnehagar i Ulstein- og Herøy kommune. ASK står for alternativ og supplerande kommunikasjon og er eit reiskap for barn og vaksne som må bruke andre former enn tale i direkte kommunikasjon med andre. Vi bruker ASK som reiskap i heile barnegruppa i barnehagen og problemstillinga som vi jobbar ut i frå er: "korleis kan ASK verte ein naturleg del av kvardagen for alle barna i barnehagen?"

BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling er også eit satsingsområde i kommunen. I denne satsinga gjer vi oss nytte av eit reiskap som heiter Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), ein utarbeidd handlingsrettleiar som skal sikre at alle får den hjelpa dei treng, på det nivå som trengst og på tvers av tenestestrukturen i kommunen. BTI-modellen skal sikre tidleg innsats, samordna tenester og brukarmedverknad.

Vi samarbeider med mange instansar for å kunne gi barn det beste i tida fram til skulestart og sikre tidleg intervensjon for barn med ulike behov. Våre samarbeidsinstansar er PPT, barnevern, helsestasjon, skulen og BUP. I fjor starta vi også eit samarbeidsprosjekt med Kulturskulen og Gursken skulekorps. Eit tilbod der 5-åringane i barnehagen blir introdusert for blåseinstrumentet «pBuzz». I tillegg er 5-åringane med på vasstilvenning i Sunnmørsbadet i Herøy. Der får dei lære dei fire kjernefunksjonane, "dykke", "flyte", "gli" og "framdrift". Vi har også for andre året på rad eit samarbeid med ein lokal gardbrukar som har lånt oss rugemaskin og gardsegg. Vi rugar eggja i barnehagen og barna får fylle heile prosessen. Dette er stor stas og til påske ventar vi mange kyllingar i barnehagen.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Eit godt foreldresamarbeid, der ein respekterer kvarandre og tolererer kvarandre sine meningar og ynskjer, er viktig. Vi har blant anna hatt sommarfest, julefrukost, påskefrukost, FORUT-fest m.m. der foreldra har tatt del, noko som har vore fine samlingspunkt for både foreldre, barn og tilsette.

Vi har som mål å gi eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod, og bidra til ein meningsfull oppvekst uavhengig av funksjons-nivå, bustad, sosial-, kulturell- og etnisk bakgrunn. Vi er opptekne av å vere ein lærande organisasjon med eit aktivt tilhøve til kompetanseutvikling. Vi er stolte over det vi har fått til i Haugelia barnehage, samtidig som vi er opne for å utvikle oss vidare.



Foto: Lisbeth Nykrem

Kommentar til status økonomi

Når det gjeld økonomi så har Haugelia barnehage brukt noko meir pengar enn det var budsjettert for. Det har vore utfordrande å halde eit så lavt budsjett då vi skal vere ei pedagogisk verksemd som både har forventningar ovanfrå, og elles eit reglement og lovverk som vi er pliktige til å følgje. Vi har barn som krev ekstra tilrettelegging, behov for innkjøp av oppdatert pedagogisk materiell, utskifting av større inventar osv. Ei generell prisauke på alle innkjøp og avgifter er også noko vi har merka godt. Felles innkjøpsstopp i kommunen har sjølvstakt gjort at vi har spart inn litt på dei fleste kontoane, men dessverre har dette gått utover kvaliteten i det pedagogiske arbeidet vi er pålagde å gjere.

Løn

Økonomi knytt til personal har også vore krevjande å halde, sjølv om vi ligg rett under budsjett. Vi har eit positivt avvik på 51 154 kr. Vi har då hatt noko høgt sjukefråvær, i tillegg til andre utfordringar. Største innsparinga er vell alle timane og dagane einingsleiar har vore på avdeling gjennom heile året, då det har vore svært utfordrande å få tak i vikarar.

Grunna store avdelingar har vi ikkje høve til å slå saman avdelingane dersom vi har færre personale ein dag. Personale har også plantider, møtetidspunkt (Pals, Rekomp m.m.) og i tillegg har vi ei bemanningsnorm i barnehagen som vi er nøydd å forhalde oss til. Det er difor kjempeviktig å ha ei grunnbemanning som gjer at ein heller har litt å gå på dersom nokon er sjuk, i møter o.l. På denne måten slepp ein å bruke mykje pengar på overtid og det vert mindre slitasje på dei faste tilsette. Tilstrekkjeleg bemanning gir betre kvalitet og organisasjonen i sin heilheit vert betre.

Drift

Når det gjeld drift har vi eit meirforbruk på 42 855kr. Dette skuldast blant anna nødvendig innkjøp av inventar (kjøleskap m.m.), prisauke ifht mat og reinhaldsartiklar, dyr breibandavtale (Tussa) m.m.

Inntekter

Årsmelding 2023

Største avviket er på inntektssida, som er på -297 925 kr. Det skuldast urealistiske høge budsjetterte inntekter. Vi har også lågare inntekter grunna gratis barnehageplass for barn nr 3, søskenmoderasjon m.m.

Generelt sett har vi for lågt budsjett då vi ikkje har økonomi til å kjøpe inn nye leiker og anna pedagogisk materiell. Vi er ei pedagogisk verksemd og må ha det vi treng for å drive godt pedagogisk utviklingsarbeid. Då tenkjer eg både på nok midlar til innkjøp av pedagogisk materiell og nok tilsette - det er heilt avgjerande for at vi skal kunne vere ei godt fungerande pedagogisk verksemd.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 738	8 226	8 238	12	0,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	471	406	370	-36	-9,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	7	0	-7	0,0 %
Overføringsutgifter	95	73	73	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	8 303	8 712	8 681	-31	-0,4 %
Salgsinntekter	-1 223	-1 116	-1 278	-162	12,7 %
Refusjoner	-234	-589	-524	65	-12,5 %
Overføringsinntekter	-39	-16	-190	-174	91,8 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 520	-1 725	-1 992	-267	13,4 %
Netto resultat	6 783	6 987	6 689	-298	-4,5 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,39 %	0,65 %	5,04 %
Årleg sjukefråvær 2023	6,32 %	5,44 %	11,76 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i Haugelia barnehage i 2023 viser eit korttidsfråvær på 6,32% og langtidsfråvær på 5,44%. Det vert jobba fortløpande med å redusere sjukefråværet på eininga.

Gursken oppvekstsenter

Skildring av tenesteområde

Gursken oppvekstsenter er ein 1-10 skule med 143 elevar. Det er 27 tilsette ved skulen. Skulen sitt overordna mål er å gi elevane eit trygt skulemiljø som bidreg til meistring og utvikling både fagleg og sosialt.

Visjonen til skulen:

"Gursken saman for trivsel og læring".

Vi har tre hovudreglar (Pals): Vis respekt! Vis ansvar! Vis omsorg! Målet er at alle elevane skal trivast og utvikle seg. Vi jobbar også med å skape eit positivt arbeidsmiljø der det tilsette trivst og utviklar seg.

Dette gjer vi for å nå måla:

- Innføring av LK20/ Fagfornyninga.
- Tydelege læringsmål og god klasseleiing. Felles opplevingar.
- Satsing på lesing
- PALS
- Samarbeid i team og i fellesskap. Godt skule-heim-samarbeid. Tverrfagleg arbeid.
- Kompetanseheving; vidareutdanning for lærarar i regi av Udir.
- 10-faktor

Aktivitet og resultat i 2023

Elevtalet pr. 31.12.23 er 143 i elevar i 1.-10. klasse og på SFO har vi om lag 30 elevar. Det er ei lita auke i elevtalet. Elevane trivst ved skulen og vi har ein flott gjeng elevar frå 1.-10. klasse. Dei tilsette står på tidleg og seint for dei unge. Skulen har fokus på god klasseleiing, relasjonsarbeid og lesing. Vi skal utvikle oss både kollektivt og individuelt. Felles opplevingar er viktig. Vi gjennomførte flotte arrangement på kveldstid før jul for både barne- og ungdomsskulen. Solfesten i februar er ei flott oppleving for barneskulen og volleyball-turnering for ungdomsskulen er topp.

Vigilo har fungert godt etter innføring hausten 2023. Kommunikasjonen mellom skule og heim går gjennom Vigilo og vi har fått positive tilbakemeldingar på det nye systemet. Vi ønskjer no at all kommunikasjon skal gå gjennom Vigilo.

Vi gjennomførte eksamen skriftleg og munnleg for første gang på 3 år.

Også sommaren 2023 blei det gjennomført sommar-SFO på Larsnes skule og det var born frå Larsnes og Gursken som hadde plass.

Viktige samhandlingspartar gjennom skuleåret har vore ppt, helsestasjonen og Bup i Volda. Godt tverrfagleg samarbeid er viktig for å hjelpe elevane og dei føresette best mogeleg. Vi nyttar BTS (betre tverrfagleg samhandling), og dei tilsette brukar verktøyet i arbeidet med dei unge. Dette er eit godt verktøy for oss. Arbeidet med å kome tidleg inn i sakene vert også prioritert (tidleg innsats).

FAU har bidrege på fleire område, og mellom anna har dei arrangert dugnader. Uteområdet på skulen har vorte oppgradert med fleire nye leikeapparat (barneskulesida). Dette er populære tiltak.

Kommunen har kjøpt inn programmeringsutstyr til skulen. Det er veldig kjekt og spanande.

Det er også gledeleg at symjinga er på plass att for elevane i 5. og 6. kl.

Viktige hendingar

Gursken oppvekstsenter har auka elevtal. Elevane ser ut til å trivast og det er trygt å vere her. Det er fokus på læring, trivsel og meistring. Dei tilsette og leiinga er tett på elevane. Vi set inn tiltak tidleg. God dialog med elev og foreldre er viktig.

Vi jobbar for at alle skal ha det bra på skulen. Vi snakkar med kvarandre og prøver å løyse utfordringar på lågast nivå.

Det er mykje som skjer ved skulen i løpet av eit år. Vi set ekstra pris på fellestiltak som alle kan vere med på. Det byggjer ein tydeleg VI-kultur.

Kommentar til status økonomi

Skulen har eit lite underskot også i år. Det er løn til dei tilsette som pressar budsjettet. Skulen har tilsett noko ekstra på grunn av auka behov for spesial-pedagogiske tiltak i elevgruppa. Undervisning til minoritets-språklege elevar er også ressurskrevjande, men naudsynt og viktig for at dei unge raskt skal lære seg norsk og føle seg inkludert ved skulen og i klassa.

Løn

Har brukt i overkant av budsjett på vikar (10200, 10300, 10400). Bruk av vikar er naudsynt for å dekke lovpålagte oppgåver ved fråvær hos dei tilsette.

Utgifter

Skulen er drifta på ein rimeleg og effektiv måte. Over tid vil det verte merkbart at vi sparar mykje på denne posten. Vi held oss godt innanfor budsjettet.

Det er ikkje meir å gå på og vi utnyttar ressursane godt (kanskje for godt).

Inntekter

Det er auke i tal elevar på sfo, så inntektene vil auke noko, men reduksjon av inntekter pga gratis sfo gjer at brukarbetalingane går ned. Vi har stort sett fått dei refusjonane som vi har forventa, men det er lagt inn feil sum i budsjettet på refusjon på 604 000 kr . Dette heng saman med endra tilskot inn mot vaksenopplæringa og høyrer til ansvar 2543.

Dette gjer at Gursken går meir i underskot enn det som er reelt. Trekk ein frå dei 604 000 kronene som er budsjettert på feil ansvar er det reelle overforbruket berre på 128 000 kroner.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	17 456	18 184	17 781	-403	-2,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	802	825	1 144	319	27,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 729	100	344	244	70,8 %
Overføringsutgifter	112	128	128	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	2	2	100,0 %
Sum Driftsutgifter	20 099	19 238	19 400	162	0,8 %
Salgsinntekter	-325	-234	-349	-116	33,2 %
Refusjoner	-2 149	-1 199	-2 088	-889	42,6 %
Overføringsinntekter	-6	0	-16	-16	100,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-425	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 905	-1 436	-2 454	-1 017	41,5 %
Netto resultat	17 194	17 801	16 946	-855	-5,0 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,10 %	5,53 %	8,63 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,86 %	2,00 %	4,86 %

Status sjukefråvær og HMS

Skulen har ganske låge tal inn mot sjukefråvær og for 2023 låg vi i underkant av 5%.

Dei tilsette står på tidleg og seint og møter på jobb jamnt. Det er noko fråvær, men leiar er tett på og har dialog med dei tilsette heile tida.

Larsnes oppvekstsenter

Skildring av tenesteområde

Larsnes oppvekstsenter hadde ved års-slutt 70 elevar, og av desse var det 30 % med framandspråkleg bakgrunn. Blant dei tilsette finn vi ti pedagogar, fire fagarbeidarar, to reinhaldarar og ein rektor.

Skulen har også eit SFO-tilbod, og ved års-slutt var det 23 born som nytta seg av dette tilbodet.

På skulen vert det arbeidd for at elevane skal oppleve læring, meistring og inkludering. PALS er eit viktig reiskap for skulen til å skape gode læringsmiljø for alle elevane. Skulen samarbeider godt med kommunen sin PALS-rettleiar.

Årleg gjennomfører skulen Elev-undersøkinga, og denne gir oss ein peikepinn på område vi lukkast med, samstundes som den seier noko om kva område vi må halde fram med å utvikle oss på. Blant områda vi

har satsa på er elevmedverknad, og på skulen vår er elevrådet eit viktig talerøyr for elevane sine ynskje og interesser.

Sommaren 2023 blei det gjennomført sommar-SFO på Larsnes skule og det var born frå Larsnes og Gursken som hadde plass.

Skulen har eit godt samarbeid med fleire eksterne aktørar, og blant desse kan ein nemne helsestasjon/helsesjukepleiar, PPT og SSIKT.

FAU ved Larsnes skule har i ein årrekke stått på og arbeidd for eit triveleg skulemiljø og ute-område for elevane.

Viktige hendingar

Det er års-hjulet til LAO som legg føringar for dei ulike aktivitetane vi tek føre oss gjennom skuleåret, og i det finn vi aktivitetar som skal vere med på å gje betre læring, meistring og trivsel for elevane våre.

Gjennom heile 2023 har dei ulike klassene ved skulen hatt leseprosjekt i forlenginga av den gjeldande leseplanen. I forlenginga av det arbeidet, har vi på Larsnes skule gjennomført fleire leseprosjekt i året som har gått. Skulen har også eigen dag for både norsk – og matematikkfaget.

På våren og hausten i 2023 heldt skulen fram med prosjektet inn mot sjølvberging i og ved vatn. Dette har vore veldig populært både blant elevar og tilsette. Prosjektet blei evaluert sommaren 2023.

Skulen har også nokre elevar frå Ukraina, og dei har funne seg godt til rette på skulen og får norskopplæring nokre timar kvar dag med eigen pedagog.

Fleire av klassene ved skulen har ute-skule eller fast tur-dag ein dag i veka, og dette er kjekke og positive tiltak som både gjer det mogleg å leggje til rette for meistring og gode opplevingar for alle elevane. Spesielt kjekt for elevane i storskulen har veka med Kompani Larsnes vore. Då får elevane utfordre seg sjølv på ein rekke område og vise at dei kan samarbeide. Meistring og fellesskap står i sentrum for aktivitetane denne veka.

Gjennom året har vi hatt fleire aktivitetar som skaper trivsel for elevane, og blant desse finn ein karneval, turndag, skule-lunsjar, fjellturar, sommaravslutning, julefest og markeringar knytt til ulike høgtider og nasjonaldagar.

Kommentar til status økonomi

Lønn:

Eininga har eit meirforbruk på om lag kr. 202 000,-, og det er hovudsakleg knytt til vikarbruk (overtid) inn mot sjukefråvær og reinhald.

Utgifter:

Eininga har eit mindreforbruk på utgifter på om lag kr 269 000,- og delar av dette kan forklarast med innkjøpsstoppen i september 2023.

Inntekter:

Eininga hadde omlag kr 109 000,- mindre i inntekter enn forventa, og dette kan forklarast med gratis kjernetid på SFO både for 1. og 2. klasse (vedtak om gratis kjernetid for 2. klasse blei vedteke i juni 2023) og mindre refusjon av sjukepengar.

Nettoresultatet for eininga viser eit meirforbruk på om lag 43 000 kr.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 176	12 640	12 421	-219	-1,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	816	685	933	247	26,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	108	11	32	21	66,0 %
Overføringsutgifter	124	117	117	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	12 223	13 453	13 503	50	0,4 %
Salgsinntekter	-301	-224	-300	-76	25,2 %
Refusjoner	-458	-551	-573	-21	3,7 %
Overføringsinntekter	-1	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-786	-780	-873	-93	10,7 %
Netto resultat	11 437	12 674	12 630	-43	-0,3 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,69 %	3,61 %	6,30 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,60 %	4,44 %	7,04 %

Status sjukefråvær og HMS

Korttids-sjukefråværet var på 2,6 % og langtids-sjukefråværet var på 4,45 %.

Sandsøy oppvekstsenter

Skildring av tenesteområde

Sandsøy barnehage består av barnehage, og SFO er samlokalisert der.

Hovudoppgåva til Sandsøy barnehage er å yte tenester i samsvar med barnehagelova, og rammeplan for barnehagar.

Sandsøy barnehage har tre barn i barnehagen per. 31.12.23. Dei tilsette i barnehagen utgjer om lag 2 årsverk. Einingsleiar har ansvar for Kvamsøy oppvekstsenter og Sandsøy barnehage. Einingsleiar har ein fast kontordag i veka, på Sandsøy.

I 2023 har vi arbeidd med:

- ASK
- PALS
- BTS/BTI
- Tydelege læringsmål, og god leiing
- Samarbeid, initiativ, ansvar
- Satsing på lesing og nynorske bøker
- Kompetanseheving

Viktige hendingar

PALS er framleis i fokus, slik som i dei andre barnehagane i Sande. I 2023 har hovudfokuset i PALS vore å reinnlære grunnverdiane, og få gjennomføre PALS-nettverk saman med dei andre barnehagane. Vi har jobba med ulike tema og hatt ulike fokusområdet gjennom året, med fokus på ønska åtfærd og positiv forsterking.

Samarbeidet om ReKomp mellom Herøy, Ulstein og Sande, og Høgskulen i Volda, har vore vidareført i 2023. Det er eit auka fokus på lesing og nynorske bøker, samt eit fokus på språk. Dette ser vi også gjennom arbeid med ASK (alternativ supplerande kommunikasjon).

Arbeidet med BTS; betre tverrfagleg samhandling, har heldt fram, og det er eit viktig system å få forankra. BTS skal sikre rett hjelp, på det nivået som trengst, og på tvers av tenestestruktur.

Samarbeidet mellom barnehagane på Sandsøy og Kvamsøy har heldt fram, og det er også tett samarbeid mellom barnehage og skule.

Det har vore fokus på å nytte nærområdet, og barnehagen har fast turdag ein gang i veka. Då går ein til ulike stadar på øya.

Vil også trekkje fram besøket med Superbussen, i Gursken, som ei kjekk og samlande stund for borna.

Kommentar til status økonomi

Løn

Prognosane frå august 2023 var at vi kom til å ha eit meirforbruk på løn, på om lag 60.000 kr. Rekneskapen for desember 2023 viser eit meirforbruk på 40.000 kr.

Drift

Prognosane for august 2023 var at Sandsøy barnehage ville halde driftsbudsjettet. Rekneskapen for desember 2023 viser eit mindreforbruk på 16.000 kr. Dette er knytt til innkjøpsstoppen.

Inntekt

Inntekta er som budsjettert.

Barnehagen har motteke om lag 60.000 kr i gåver. Desse midlane er øyremarka uteområde ved Sandsøy barnehage. Dersom midlane ikkje vert brukt inneverande år, vert dei sett av på bundne driftsfond til neste år.

Samla sett viser nettoresultatet eit mindreforbruk på 46.000 kr.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 093	1 392	1 353	-38	-2,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	91	122	139	17	12,0 %
Overføringsutgifter	20	24	24	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	1 204	1 538	1 516	-22	-1,4 %
Salgsinntekter	-51	-67	-65	2	-2,7 %
Refusjoner	-26	-29	-24	6	-23,6 %
Overføringsinntekter	0	-61	0	61	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-77	-157	-89	68	-76,4 %
Netto resultat	1 127	1 381	1 427	46	3,2 %

Kvamsøy oppvekstsenter

Skildring av tenesteområde

Kvamsøy oppvekstsenter består av Kvamsøy skule, Kvamsøy SFO og Kvamsøy barnehage.

Hovudoppgåva til Kvamsøy oppvekstsenter er å yte tenester i samsvar med krava i opplæringslova med forskrift, og å yte tenester i samsvar med barnehagelova og rammeplan for barnehagar.

Kvamsøy oppvekstsenter er eit lite oppvekstsenter med 22 elevar, frå Sandsøy, Voksa og Kvamsøy, frå 1.-10. trinn per 31.12.23. Det er seks barn i barnehagen.

Tilsette i skulen og barnehagen utgjer om lag 10,5 årsverk. Einingsleiar har ansvar både for Kvamsøy oppvekstsenter og Sandsøy barnehage.

I 2023 har vi arbeidd med:

- ReKomp i barnehagen: ASK
- DeKomp i skulen: Leseplanen i Trekløveret
- BTS/BTI
- PALS
- Tydelege læringsmål og god klasseleiing
- Samarbeid, initiativ, ansvar
- Kompetanseheving; vidareutdanning for lærarar, i regi av Udir

Elevundersøkinga vert gjennomført årleg i skulen.

Oppvekstsenteret har eit godt samarbeid med fleire eksterne aktørar. Blant desse kan ein nemne helsestasjon/helsesjukepleiar, PPT og SSIKT.

Viktige hendingar

Kvamsøy skule

Årshjulet og aktivitetsplanen legg føringar for aktivitetar gjennom året, som skal skape samhald, læring og trivsel. Gjennom året har vi gjennomført fleire aktivitetar, som felles lunsj, felles aktivitet, karneval og ulike turar i nærområdet.

I løpet av skuleåret har vi hatt fokus på PALS, ved eigen skule, og i nettverk/samarbeid med dei andre skulane. Vi har arbeidd med deKomp og leseplanen, og det har vore jobbe med vidare implementering av BTS/BTI.

Kvamsøy helselag har vore ein god samarbeidspartnar for både skule og barnehage. Dei har sponsa skulen med turar til Sunnmørsbadet, servert oss skulelunsjar og sponsa skulen med frukt.

Uteområdet ved Kvamsøy oppvekstsenter treng oppgradering, og vi har fått innvilga tippemidlar til aktivitetsløype. Har håp om at arbeidet tek til i løpet av våren 2024.

Vil også trekkje fram besøket med Superbussen, i Gursken, som ei kjekk og samlande stund for borna.

Kvamsøy barnehage

PALS er framleis i fokus, slik som i dei andre barnehagane i Sande. I 2023 har hovudfokuset i PALS vore å reinnlære grunnverdiane, og få gjennomføre PALS-nettverk saman med dei andre barnehagane. Vi har jobba med ulike tema og hatt ulike fokusområdet gjennom året, med fokus på ønska åtferd og positiv forsterking.

Samarbeidet om ReKomp mellom Herøy, Ulstein og Sande, og Høgskulen i Volda, har vore vidareført i 2023. Det er eit auka fokus på lesing og nynorske bøker, samt eit fokus på språk. Dette ser vi også gjennom arbeid med ASK (alternativ supplerande kommunikasjon).

Årsmelding 2023

Arbeidet med BTS; betre tverrfagleg samhandling, har heldt fram, og det er eit viktig system å få forankra. BTS skal sikre rett hjelp, på det nivået som trengst, og på tvers av tenestestruktur.

Samarbeidet mellom barnehagane på Kvamsøy og Sandsøy har heldt fram, og det er også tett samarbeid mellom barnehage og skule.

Vil også trekkje fram besøket med Superbussen, i Gursken, som ei kjekk og samlande stund for borna.

Kommentar til status økonomi

Løn

Avviket til Kvamsøy oppvekstsenter, på løn, er 330.000 kr. Prognosar frå august 2023, var eit meirforbruk på 50.000 kr. Resultatet i desember 2023 viser eit meirforbruk på 13.000 kr i fastløn.

Pensjonsutgiftene i KLP/SPK har eit overforbruk på til saman 400.000 kr. Dette er hovudgrunnen til at Kvamsøy oppvekstsenter har eit underskot på 330.000 kr.

Drift

Prognosane i august 2023 var at vi samla sett ville halde driftsbudsjettet, og resultatet i desember 2023 viser eit mindreforbruk på 215.000 kr.

Dette skuldast innkjøpsstoppen, og at vi, i løpet av hausten, hadde planlagt innkjøp av lærebøker, og anna undervisningsmateriell. Vi har ikkje vore på kurs, og dei tenkte innkjøpa på inventar vart heller ikkje gjennomført.

Sjølv om driftsbudsjettet samla sett går med mindreforbruk, så viser kontoane for matvarer, reinhaldsartiklar og lisensar/kjøp/oppgradering av dataprogram eit meirforbruk. Prognosane frå august 2023 var at vi kom til å ha eit meirforbruk på konto for matvarer og reinhaldsartiklar.

Inntekter

Prognosane frå august 2023 for tapte inntekter i høve brukarbetaling har ein differanse på om 6.000 kr.

Konto 17500 refusjon frå andre kommunar: den endelege summen er ikkje på plass enno. Dette er årsaka til underskotet.

Samla sett viser nettoresultatet til Kvamsøy oppvekstsenter 270.000 kr i meirforbruk.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	8 768	9 666	9 310	-356	-3,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	423	407	545	138	25,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	44	1	76	75	98,7 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsutgifter	70	65	65	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	91,7 %
Sum Driftsutgifter	9 305	10 139	9 996	-142	-1,4 %
Salgsinntekter	-282	-253	-294	-41	14,0 %
Refusjoner	-1 213	-1 183	-1 156	27	-2,3 %
Overføringsinntekter	-1	-7	0	7	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1 521	-1 447	-1 450	-3	0,2 %
Netto resultat	7 784	8 691	8 546	-145	-1,7 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,15 %	6,50 %	7,66 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,22 %	8,15 %	9,37 %

Status sjukefråvær og HMS

Korttidsfråværet viser at vi samla sett har lågt sjukefråvær.

Langtidsfråværet knyt seg til sjukmelding for ein av dei tilsette. Slik vi ser det er det lite fråvær, men grunna få tilsette vert prosenten høg.

Hauemarkja barnehage

Skildring av tenesteområde

Hauemarkja barnehage er ein 4-avdelings barnehage, som har to avdelingar for store barn, og to avdelingar for små barn. Totalt er Hauemarkja Barnehage godkjent for 76 plassar. Barnehagen er lokalisert på Larsnes, like ved Sandetun omsorgssenter. Det er kort veg til skog, turveg og fleire gapahukar, strand og sentrum.

Våren 2023 hadde vi ei utvida avdeling og heile 56 barn fordelt på 78 plassar. Vi fekk fleire born som kom frå Ukraina, og måtte då ta i bruk det ekstra arealet "Blåklokka" (Elveromsstova). Vi fekk også nok bemanning til å kunne dele borna og tilsette i to faste grupper.

Hausten 2023 reduserte vi talet på barn ved "naturleg avgang". Vi hadde pr. 21.12.23 47 barn fordelt på 65 plassar. I høve hovudopptaket i mars, vart det teke inn alle borna som hadde søkt innan fristen, sjølv om oppstarten vart januar 2024.

Det er 14 tilsette fordelt på 13,1 årsverk. Alle tilsette er kvinner. 6 av dei tilsette er barnehagelærarar, derav ein med vidareutdanning i spesial-pedagogikk. Vi har også to med mentorutdanning, som betyr at vi kan ta imot studentar med tanke på rekruttering av barnehagelærarar. Ein av barnehagelærarane held på med vidareutdanning i spesial-pedagogikk på Høgskulen i Volda no. To av dei tilsette er fagarbeidarar (barne- og ungdomsarbeidarfaget), og 6 er assistentar. To av assistentane held på med

barne- og ungdomsarbeidarfaget på fritida. Dette viser det er stor grad av kompetanseheving i Hauemarkja barnehage. I tillegg har vi reinhaldar i 60 % og einingsleiar i 100 %.

Lovverket vi bygg på er Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. Årsplanen er barnehagen sitt lokale styringsdokument, og er eit arbeidsreiskap for tilsette. Årsplanen er vedteke av barnehagen sitt samarbeidsutval, og gir informasjon om barnehagen sitt pedagogiske innhald til foreldre/føresette og andre interesserte.

Viktige hendingar

Hauemarkja barnehage er ein barnehage med mange barn og foreldre med ulikt språk, kultur og nasjonalitet. Dette ser vi på som ein ressurs, og tenkjer det er med på å skape toleranse og respekt. Vi har også born frå fleire bygder i Sande, noko vi er svært glade for. På denne måten speglar barnehagen vår samfunnet vi lever i.

Hauemarkja barnehage er ein barnehage i utvikling. Vi har mange barnehagelærarar, og nokre av dei med vidareutdanning, og ein ser det er bra for. Det vert fleire fagpersonar som deler på ansvaret, og utan tvil eit betre fagleg miljø. Det merkast også godt at ein har spesialpedagogisk kompetanse i eigen barnehage.

Vi brukar mykje tid gjennom året på å skape relasjonar til born og foreldre. Vi har fått til eit særdeles godt samarbeid med FAU (foreldra sitt arbeidsutval), noko som viser att i ulike arrangement, meningsutvekslingar og anna samarbeid. Dette er ei viktig "bru" mellom foreldra som gruppe og barnehagen, som kjem borna til gode.

Som nemnd innleiingsvis hadde vi utvida barnegruppe våren 2023. Vi fekk godkjenning på tilleggsarealet vi brukte, heimla i lovverk knytt til mottak av born frå Ukraina. Det var hektisk å organisere og gjennomføre dagane, sjølv om vi meiner borna hadde eit godt tilbod. Ein ser kanskje at utviding utover det barnehagen er godkjent for, ikkje er ei god løysing for framtida. Det var godt då hausten kom og vi gjekk tilbake til ordinære avdelingar.

Alle barnehagane i Sande jobbar med PALS (positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling), som er eit godt verktøy i samhandling mellom barna og mellom barn-vaksne. Rekomp (regional ordning for kompetanseheving) er eit kompaniskap mellom Sande, Ulstein, Herøy og Høgskulen i Volda, der vi jobbar med kompetanseheving i høve språk og språkutvikling. Hausthalvåret var fokuset ASK - alternativt supplerande kommunikasjon, og vi hadde både eksterne og interne kurs og fagdagar om ASK.

BTS - betre tverrfagleg samhandling - har vore ei satsing i Sande i fleire år. I denne satsinga nyttar vi handlingsrettileiaren som skal sikre at alle får den hjelpa dei treng, på det nivået som trengst og der det trengst, uavhengig av teneste.

Vi har samarbeid med Bup småbarnsteam eit par gongar i halvåret. Det er fint å kunne drøfte generelle spørsmål knytt til psykisk helse blant barn under 6 år.

Vi har tett samarbeid med dei lokale hjelpetenestene. PPT tok del på foreldremøte i september, og tilbakemeldingane frå foreldra var svært gode. PPT er den hjelpetenesta vi har mest samarbeid med, og vi har også god dialog med fysioterapeutane og helsestasjonen, både i enkeltsaker og i systemsaker.

I overgangen frå barnehage til skule har vi fleire møtepunkt med både helsestasjonen, ppt og skulane vi skal sende born til. Foreldreskulen er eit etablert tilbod til alle førskuleforeldre i Sande, og ein møtast på rådhuset. Dette vart to samlingar, der ppt, helsestasjon og fysio tok del.

Hauemarkja barnehage er Livsgledebarnehage, og vi har jamn kontakt med Sandetun omsorgssenter. Det siste året har det vore dei eldste borna som har vore på besøk på Øya, noko som er til glede for både små og store. Vi har hatt påske verkstad og felles aktivitetsdagar. Dette er stor stas, og noko vil ynskjer å halde fram med.

Det er viktig å påpeike bemanning i barnehagane. Grunnbemanninga er ikkje nok til å ha forsvarlege dagar. Det er eit gap på to timar pr. dag mellom ein arbeidsdag og opningstid, noko som fører til lav bemanning morgon og ettermiddag. Det er mange lovpålagde oppgåver ein skal utføre, t.d. plantid for pedagogane. I Hauemarkja utgjør dette over 30 timar pr. veke.

I sjukdomsperiodar, ved ferieavvikling, møter og kurs opplever ein det utfordrande å få tak i kompetente vikarar. Mangel på vikarar fører til at plantida går ut, og ein får ikkje gjort lovpålagde oppgåver. Einingsleiar må ofte gå på avdeling ved fråvær, noko som igjen fører til at ein må jobbe om kvelden for å få gjort oppgåvene sine. Alt i alt fører vikarmangel til eit dårlegare pedagogisk tilbod og i periodar med mykje fråværet går det også på det forsvarlege tilbodet til borna.

Kommentar til status økonomi

Lønn

Om lag 770 000 over budsjett. Om lag 500 000 kroner skuldast at det har vore for lågt budsjettert på arbeidsgjevaravgift og pensjonsutgifter. Resterande er knytt til bruk avvikarar.

Utgifter

Eit lite mindreforbruk på utgifter på 30 000 kroner som fordeler seg over fleire postar.

Inntekter

Meirinntekter på om lag 520 000 kroner knytt til refusjonar og tilskot på 200 000 kroner. Resten skuldast at det har vore for lavt budsjettert på brukarbetalingar.

Samla sett er det eit meirforbruk på omlag 200 000 kroner.

Hauemarkja barnehage har jamnt over full dekning av plassar. Vi har tidvis venteliste, og tidvis litt ledig kapasitet. Det er ofte litt ledig tidleg på hausten, så fyllest barnehagen opp litt etter litt etterkvart som borna startar på ønska tidspunkt. Vi har dermed tilvenning av nye born fordelt utover heile året; alt etter når permisjonane er slutt og foreldre skal i jobb igjen. Dette har fungert fint, og vi tilpassar oss etter søknadsmengd og dato for oppstart. Det er også etter behov born på småbarnsavdelingane vert flytta over til storbarnsavdelingane; vi tenkjer ei fleksibel løysing for alle er best slik at vi får plass til flest mogleg born - i tråd med vedtektene for opptak av born.

Ein fyl jamnt over bemanningsnorma, med unntak av litt ekstra i høve plantid for pedagogar og særskilde behov. Det er heilt klart ikkje nok med kun grunnbemanning for å ha ei forsvarleg mengde

personale heile opningstida. Ved fråvær kan ein av og til nyte godt av å vere ein litt stor barnehage med fleire avdelingar, og flytte personale mellom avdelingane, men oftast vil ein trenge vikar ved fråvær. Det er utfordrande å få tak i kompetente vikarar, og ved fråvær og manglande vikartilgong må pedagogane jobbe på avdeling i plantida si, eller einingsleiar gå på avdeling. Dette tek vekk tid frå anna arbeid, og ein må ta att pedagogisk planarbeid og administrative oppgåver på kveldstid. Ved å ha fleksible ressursar i barnehagen som kan flyttast etter behov, vil ein kunne redusere vikarkostnadane, samt at kvaliteten vert betre. Ein vil også ivareta det pedagogiske arbeidet på ein betre måte ved at pedagogane i større grad får ha plantida sin, og einingsleiar ikkje treng å gå på avdeling.

Vi har i periodar hatt mange fleirspråklege born, og erfaring viser at det er naudsynt med spesifikk og tidleg nok språkstimulering for å lære norsk. Dette krev ressursar i form av bemanning og kompetanse, som igjen utfordrar økonomien.

Heile oppvekstsektoren er underbudsjettet, og det gjeld også Hauemarkja barnehage. Det er behov for diverse materiell og utstyr for å drive ei god pedagogisk verksemd. Leiker og utstyr er viktig for å fremje det pedagogiske arbeidet, men det er lite rom for å fornye slite og øydelagde leiker og bøker. Det er likevel lønnskostnadane som viser att i rekneskapen.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 415	11 633	10 850	-782	-7,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	483	660	689	29	4,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	2	2	100,0 %
Overføringsutgifter	92	125	125	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	1	1	100,0 %
Sum Driftsutgifter	10 991	12 418	11 667	-751	-6,4 %
Salgsinntekter	-1 624	-1 578	-1 290	289	-22,4 %
Refusjoner	-1 053	-770	-533	237	-44,4 %
Overføringsinntekter	0	-3	0	3	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 702	-2 356	-1 823	533	-29,2 %
Netto resultat	8 289	10 062	9 844	-218	-2,2 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,93 %	10,10 %	13,02 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,97 %	3,08 %	5,05 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråveret for 2023 er historisk lavt i Hauemarkja barnehage. Vi gjekk frå nesten 15 % i 2022 til vel 5 % i 2023. Dette handlar nok om fleire ting, som m.a. litt betre bemanning. Ein ser at fleire barnehagelærarar som deler på ansvaret, fleire hender tek ned arbeidsmengd, stress og belastning på

den enkelte. Når fleire tilsette er stabile og det ikkje fører til underbemanning, gjer det til at andre også står betre i det.

Ei anna årsak til nedgangen i fråveret er kanskje at mange var sjuke i 2022 - etter korona, og vart ikkje sjuke i 2023.

Det vart gjennomført ergonomisk kartlegging hausten 2023, og funna vart gått gjennom av Stamina saman med personalgruppa, der vi fekk gode tips til tiltak for å unngå belastningar.

Vi har ei godt fungerande 3-partsgruppe i Hauemarkja. Vi har også ei trivselsgruppe som jobbar for ulike tiltak i og utanfor arbeidstida, som igjen skaper trivsel og godt arbeidsmiljø.

Kultur felles

Skildring av tenesteområde

I fylgje kulturlova skal kommunen syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Ein skal syte for føreseielege utviklingskår, fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggje til rette for deltaking i kulturaktivitetar. Personar, organisasjonar og institusjonar skal ha tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Kulturkontoret består av 50 % kultur-konsulentstilling og 100% ungdomsarbeidarstilling.

Viktige hendingar

Sande kommune har mange frivillige eldsjeler som legg til rette for at vi har eit rikt kulturliv.

Sande kommune legg til rette for at lag og organisasjonar skal få nytte kommunale bygningar og anlegg utan å betale for dette. Lag og organisasjonar som arbeider inn mot barn og unge har fått tildelt kulturmidlar.

Det vert årleg arrangert lokalt UKM, og det er stor deltaking på dette arrangementet. Sande kommune i samarbeid med Herøy kommune og Møre og Romsdal fylke, var arrangørar av UKM sin fylkesfestival hausten 2023. Fylket har ca 10 unge fylkesarrangørar og gjennom året har vi hatt med 4 ungdommar frå Sande.

Sande kommune inngikk avtale om samarbeid med Larsnes idrettslag om ungdomsklubb. Larsnes il mottok midlar frå Bufdir om å drive ungdomsklubb, og Sande kommune tilsette unge ungdomsarbeidarar som var tilsett i klubben saman med ungdomsarbeider. Tiltaket vart avslutta til sommaren pga lavare tildelingar. Barn og unge har gjennom mange år etterspurt fleire møteplassar og meir breidde i tilbod for barn og unge. Idrettslaget tilyr framleis eit klubb-tilbod, men ikkje så ofte.

Kultursektoren har gjennom 2023 hatt tilsett ungdomsarbeidar som har arbeidd tett inn mot ungdom, og på tvers av sektorar. Dette har berika tilbodet for ungdommane i Sande.

Kommentar til status økonomi

Lønn

Som budsjettert.

Utgifter/andre driftskostnader og inntekter

Rekneskapen for året viser noko lavare inntekt enn budsjettert, og lavar utgifter enn budsjettert.

Ein del av dei budsjetterte inntektene og utgiftene var knytt til ungdomsklubben i regi av Larsnes idrettslag der vi har hatt ungdommar tilsett. Klubben har ikkje vore i drift etter sommaren pga. mindre statleg overføring til idrettslaget, og der igjen mindre overføring til kultur. Rekneskapen viser også mindre utgifter, då avtalen med dei tilsette ungdommane vart avslutta.

Prosjektbaserte tiltak:

Mykje av aktiviteten i kultursektoren er basert på prosjektbaserte tiltak ut frå tildelingar. Desse satsingane går i balanse.

- Ung kunst og kultur - tildeling kr. 150000,-
- Den kulturelle spaserstokken - tildeling ca. 55000,-
- Skulesekken - tildeling ca kr. 65000,-

Det vart innført innkjøpsstopp på hausten, og samla sett for området så viser det eit totalforbruk på 94,1% av det totale budsjettet. Dette utgjør ei besparing på kr. 81141,00.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	379	1 119	1 110	-9	-0,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	212	165	396	230	58,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	136	106	0	-106	0,0 %
Overføringsutgifter	714	330	443	113	25,5 %
Finansutgifter	85	13	0	-13	0,0 %
Sum Driftsutgifter	1 527	1 734	1 948	214	11,0 %
Salgsinntekter	-19	-10	-14	-4	27,8 %
Refusjoner	-109	-149	-244	-95	38,8 %
Overføringsinntekter	-466	-275	-310	-34	11,1 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-65	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-659	-435	-568	-133	23,4 %
Netto resultat	868	1 299	1 380	81	5,9 %

Kulturskulen

Skildring av tenesteområde

Sande kulturskule er ein fritids- og opplæringsaktivitet og ein del av det heilskaplege opplæring- og utdanningsløpet. Kulturskulen er eit lovpålagt skuleslag, forankra i opplæringslova § 13-6 (1997). Rammeplan for kulturskulen (Norsk kulturskoleråd, 2016) er politisk vedtatt av Sande kommune og såleis retningsgivande for organiseringa og undervisninga i kulturskulen.

I 2023 hadde kulturskulen 80 elevplassar fordelt på 66 elevar mellom 8 og 18 år. Kulturskulen hadde 8 tilsette fordelt på 2,09 årsverk. Det var undervisning på skulane i Gursken og Larsnes, samt sal av dirigentteneste til kor og korps.

Viktige hendingar

Aktivitet og fokusområde - Sande kulturskule 2023

Med støtte frå den 3.årige økonomiske samarbeidsavtalen «Ung kunst og kultur» (fylkeskommunen), har kulturskulen starta fleire nye tilbod hausten 2023. Dette gjeld hovudsakleg dans, visuell kunst og videoproduksjon. 25 elevar frå 6 til 18 år går på dans, 7 elevar på visuell kunst og 3 elevar på videoproduksjon. Dette har vore med på å gi eit breiare kulturskuletilbod for born og unge i Sande kommune. Dette utgjer omlag 30 % auke i elevplassar.

I 2023 var det 30 år sidan Sande musikkskule vart skipa. Dette vart markert med ei flott jubileumsmarkering på Breidablik i desember. Her deltok både dagens elevar, tidlegare elevar og dei to tidlegare rektorane. Mange elevar frå kulturskulen vel eit vidaregåande utdanningsløp ved musikklinja i Volda. Desse var også representert på festkonserten.

Kulturskulen som samarbeidspart:

Kulturskulen jobbar kontinuerleg og langsiktig for å styrke samarbeid med grunnskule, barnehagar og det frivillige kulturlivet. Dette synte igjen i ulike konsertar og aktivitetar i samarbeid med desse aktørane. Kulturskulen tek stor del i Ung Kultur Møtes, og i oktober arrangerte Sande kommune UKM fylkesmønstring i samarbeid med Herøy.

Lærarane i kulturskulen har fokus på eleven si læring, utvikling og trivsel gjennom systemisk arbeid med heim-skulekontakt og utviklingssamtalen. Vi har hatt fokus på aktivitetar som styrker eleven sin motivasjon gjennom meistring, elevmedverknad og tilhøyrsløp. Profesjonsfellesskapet i Sande kulturskule er prega av kontinuerleg refleksjon og forskande tilnærming til eigen undervisningspraksis.

Fokusområde:

- Profesjonsfellesskap og delingskultur
- Samarbeid i interkommunale og regionale fagnettverk
- Heim-skulesamarbeid
- Kulturskulen som samarbeidande aktør i Sande kommune



Foto: Bertil Tødenes- Jubileumskonsert

Kommentar til status økonomi

Lønn:

Avvik på -7,4 %, tilsvarende -130.000,-

Dette skyldes i hovedsak lav budsjetttramme på pensjonsutgifter (KLP og SPK) og arbeidsgivaravgift.

Utgifter:

Iht. budsjett. Men eit mindreforbruk på drift grunna innkjøpsstopp. Naudsynt oppgradering av lydutstyr har ikkje kunne blitt gjennomført.

Inntekter:

Iht. budsjett

Samla sett er det eit overforbruk på 150 000 kroner. Det er knappe budsjett i heile oppvekst og kultursektoren, også for kulturskolen. For å kunne drive utvikling, vedlikehald og yte ei god kvalitativ teneste bør rammene styrkast.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 806	1 891	1 760	-131	-7,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	103	146	138	-8	-5,7 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	58	51	54	3	6,4 %
Overføringsutgifter	6	13	13	0	0,4 %
Sum Driftsutgifter	1 974	2 100	1 965	-135	-6,9 %
Salgsinntekter	-447	-437	-457	-20	4,4 %
Refusjoner	-51	-22	-12	10	-87,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-25	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-523	-459	-469	-10	2,1 %
Netto resultat	1 451	1 641	1 496	-145	-9,7 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,99 %	2,75 %	3,73 %
Årleg sjukefråvær 2023	0,59 %	0,43 %	1,01 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i Sande kulturskule i 2023 viser eit totalt sjukefråvær på 1,01%. Dette er ein fin nedgang frå 2022 (6,0%). Det har vore jobba med både fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Det er framleis uro knytt til mangel på lyddemping i undervisningsrom særleg for slagverk og korpsundervisning.

Biblioteket

Skildring av tenesteområde

Sande bibliotek skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i kommunen.

Sande bibliotek skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. I vårt tilbod til barn og vaksne skal vi legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.

Biblioteket har opent 4 dagar i veka. Måndag- torsdag kl 10.30-18.00. For tida er det 0,8 årsverk knytt til bibliotektenesta. Kommunen leiger lokalar sentralt på Larsnes.

Besøkstala gikk oppover samanlikna med 2022, frå ca. 2760 til ca. 3060 i 2023. Utlånstal på fysiske medie gikk også opp samanlikna med 2022, fra 5235 til 5692 i 2023.

Biblioteket har formidla forfattarbesøk til skular og barnehagar gjennom prosjektet Litteraturhus i Møre og Romsdal. Sande bibliotek var også med på Sommarles i 2023. Det er ein digital sommarlesekampanje for alle born i 1. – 7. klasse. Det har vore regelmessige klassebesøk og barnehagebesøk.

Saman med Hareid, Herøy og Ulstein bibliotek har vi arrangert eit barnebokbad i alle fire kommunar. I Sande var det på Gursken oppvekstsenter. Eit barnebokbad er eit arrangement der born eller ungdom intervjuar ein forfattar. Elevane les og drøftar valg av bok i forkant av arrangementet.

Biblioteket tok imot ein ungdomsskuleelev på arbeidsveke. Vi har hatt to personar på biblioteket under ordninga arbeidstrening, gjennom NAV. Helge Simonnes haldt eit lunsjforedrag for vaksne. Frivilligsentralen prøvde ut ei vekentleg «kaffi og prat» samling på biblioteket.

Viktige hendingar

Det var heldt språkkafé for ukrainske og andre flyktningar på biblioteket i regi av Frivilligsentralen.

Ein velfungerande transportordning gjer at fjernlån er mogleg frå andre bibliotek over heile landet. Det er regelmessige klassebesøk og barnehagebesøk. Det var ei teaterframsyning for barnehagebarn, to forfattarbesøk for vaksne og to forfattarbesøk for ungdom (på skuler) i regi av biblioteket.

Deltakelse i Sommarles var kun 38 i 2022 men i 2023 gikk den kraftig opp til 110. Det har samanheng med god promotering frå lærarane i skulane.

Fleire nye lånarar har blitt registrert i låneregisteret. Antall aktive personlige lånarar var 190 i 2022. Dette talet auka til 226 i 2023.

Kommentar til status økonomi

Lønn

Meirforbruk på omlag 30 000 kroner der omlag halvparten er knytt til meirkostnader på arbeidsgjevaravgift og pensjonskostnader. Resten til ferievikar som det ikkje var budsjettert med.

Utgifter

Meirkostnader på omlag 180 000 kroner.

70 000 kroner er knytt til bundne fond, og må sjåast i samanheng med auka inntekter. Dette er eksterne midlar som vi har fått som skal nyttast i 2024.

Det er då att eit reelt meirforbruk på 110 000 kroner.

16 000 skuldast at det er for lågt budsjettert på husleige, 40 000 er at det ikkje var budsjettert med utgifter til bibliotektransport,

Resten er knytt til meirutgifter på mellom anna bøker og datautstyr.

Inntekter

Meirinntekter på 75 000 kroner knytt til prosjektmidlar. Sjåast i samanheng med auka utgifter og avsetning til fond.

Samla sett så er det eit meirforbruk på området på 130 000 kroner når ein ser vekk frå prosjektmidlar.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	578	623	594	-30	-5,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	348	451	340	-111	-32,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	58	78	78	0	0,0 %
Finansutgifter	0	71	0	-71	0,0 %
Sum Driftsutgifter	987	1 223	1 012	-212	-20,9 %
Refusjoner	-58	-78	-78	0	0,0 %

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsinntekter	0	-75	0	75	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-58	-153	-78	75	-95,9 %
Netto resultat	929	1 070	934	-137	-14,6 %

Helse og omsorg

Skildring av tenesteområde

Kommunale helse- og omsorgsteneste utgjør kjerna i det norske helsevesenet, og står for alt frå fastlegeordninga til heimesjukepleie og førebyggjande helsearbeid. Desse tenestene spelar ei kritisk rolle i å støtte innbyggjarane si helse og arbeidar aktivt for å sikre eit verdig og sjølvstendig liv for alle, særleg for eldre og dei med særskilde omsorgsbehov. Tenestene framhevar viktigheita av førebygging og tverrfagleg samarbeid for å møte samfunnets behov effektivt. Med utfordringa om å innfri nasjonale og lokale forventningar innanfor stramme budsjetttrammer, understrekar nyare stortingsmeldingar og strategiar behovet for omfattande omstilling for å realisere måla om eit heilskapleg og berekraftig helse- og omsorgstilbod.

For dei eldre og personar med spesielle omsorgsbehov, tilbyr kommunen heimeteneste og ulike formar for bo- og omsorgsløysingar. Desse kan variere frå assistanse i eigen heim og omsorgsbolig til sjukeheim - alt etter individuelle behov. Målet er å mogleggjere eit verdig liv med størst mogleg grad av sjølvstende. Heimetenestene våre inkluderer praktisk bistand i heimen, helseteneste i heimen, samt ulike former for dagaktivitetstilbod.

På det førebyggjande plan arbeidar sektoren aktivt med helsefremjande og førebyggjande tiltak. Dette omfattar alt frå vaksinasjonsprogram, tilbod om psykisk helseteneste, samt tiltak for å fremje fysisk aktivitet og sunt kosthald blant innbyggjarane. Helsestasjonen spelar ei vital rolle i dette arbeidet, særskilt med fokus på barn og unge.

Vi legg og stor vekt på tverrfagleg samarbeid for å sikre ei heilskapleg og samanhengande teneste for innbyggjarane. Dette involverar ofte eit samarbeid mellom ulike sektorar, og er viktig for å møte innbyggjarane sine behov på ein så god måte som mogleg. Samstundes er dette i tråd med forventningar frå politisk hald både nasjonalt og lokalt. Fokuset på dette vil halde fram også i 2024.

Regjeringa har dei siste åra publisert fleire stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar, med forventningar og krav til dei kommunale helse og omsorgstenestene. Blant dei finn vi *Folkehelsemeldinga - nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar* (Meld. St. 15), *Opptappingsplan for psykisk helse 2022-2033* (Meld. St. 23), *Fellesskap og meistring - bu trygt heime* (Meld. St. 24), *Eit godt liv i heile Noreg - distriktpolitikk for framtida* (Meld. St. 27) og NOU 2023: 4 *Tid for handling - personellet i en berekraftig helse og omsorgsteneste*. Ein annan som bør nemnast, men som er noko eldre er *Leve hele livet - en kvalitetsreform for eldre*.

For å møte desse forventningane og krava, har vi eit enormt omstillingsarbeid føre oss, felles for alle meldingar og reformar som berørar helse og omsorg dei siste 10 åra er setninga *“Tiltakene vil i hovedsak kunne gjennomføres innenfor eksisterende økonomiske rammer”*. Sist gjentatt i Nasjonal helse- og

samhandlingsplan 2024-2027 (Meld. St. 9). Nasjonal helse og samhandlingsplan har som mål å knytte stortingsmeldingar og utgreiingar med krav og forventningar til helse og omsorgsteneste tettare saman og bidra til at ein i større grad ser heilskapen av satsingane våre. Det er viktige og fornuftige tiltak som vert løfta fram, men det vil krevje mykje av oss å nå dette innanfor eksisterande økonomiske rammer.

Overordna mål

Med endringane dei kommunale helse- og omsorgsteneste står foran, er det viktig med konkrete, målbare og realistiske mål for leiarane våre og dei tilsette. Desse måla bør ikkje endrast frå år til år, men ligge som ei rettleiing og en veg framover for våre.

- Gode rutinar for tenestetildeling skal gje likeverdige tilbod og god pasientlogistikk - ein skal i 2024 satse meir på at einingane bidreg med faglege vurderingar inn til tenestetildeling
- Satse på teknologi og kompetanseutvikling for å rekruttere og halde på arbeidskraft - med rekrutteringsutfordringane vi opplever er det viktigare enn nokon gong å satse på eigne tilsette og vere ein ansvarleg og berekraft arbeidsgjevar for dei
- Auke livskvalitet og myndiggjering gjennom å legge tilrette både ute og inne for aktivitetar til pasientar og brukarar - Sandetun skal opplevast som ein god plass å vere for brukarane våre og dei skal få tilbod om dagleg aktivitet gjennom Livsglede for eldre
- Sjukefråvær skal vere eit fokusområde for både leiarar og tilsette - sjukefråvær handlar like fullt om kvalitet på tenestene våre, utanforskap og ei økonomisk belastning for kommunen. Alle einingane skal ha eigne og realistiske mål om sjukefråvær i % og vi skal samarbeide med NAV arbeidslivssenter om oppfylging av sjukefråvær i alle einingane.

Viktige hendingar

Av fleire viktige hendingar i helse og omsorg i 2023, så er det tre som bør løftast fram særskilt. Vi er stoltast av alle dei små hendingane våre, for dei har som regel størst konsekvens for brukarane sitt ve og vel.

1. Resertifisering av sjukeheimen og heimetenestene som Livsgledeheim. Opplegget bidreg i stor grad til at Sande kommune etterlev fleire av forventningane til oss gjennom stortingsmeldingane *Leve heile livet* og *Fellesskap og meistring - bu trygt heime*. Fokuset er på glede, meistring og umyndiggjering, soleis verkar det og førebyggjande. Ein av brukarane våre vart sitert på fylgjande i Vestlandsnytt 22. August 2023 "Eg har det heilt nydeleg! Her passar dei på meg både dag og natt. Då søv eg godt og kjenner meg trygg" og vart fylgt opp med fylgjande replikk frå ein anna brukar "Vi har det så godt at vi ikkje kunne hatt det betre"
2. I månadane Juli, August og Oktober hadde vi eit samla sjukefråvær på under 10%. For kommunalsjefen handlar sjukefråvær om meir enn økonomi og meirforbruk, det handlar like fullt om å førebyggje utanforskap, om helsa og livskvaliteten til våre tilsette og kvaliteten på tenestene vi yte til innbyggjarane våre. Difor er oppfølging av sjukefråvær ei av dei viktigaste prioriteringane våre i sektoren.
3. Ny kommunalsjef og endra organisering av sektoren. I 2023 vart Bård Dalen pensjonist, etter ei lang periode som leiar for helse- og omsorgssektoren i Sande kommune. Ny kommunalsjef ynskte raskt å endre organiseringa av sektoren, ein erfarte at leiarspennet var for stort og at styringsstrukturen var uoversiktlig. I fylgje FAFO er leiarspennet generelt i norsk arbeidsliv på gjennomsnittlig 10 tilsette per leiar, den største eininga i helse og omsorg hjå oss hadde over 100. Framleis er leiarspennet høgt, i bu og habilitering er det 56 tilsette, medan ein i helse og koordinerande eining har 17 tilsette. Institusjonstenese har 53 tilsette og heimeteneste 45.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
300-Helse og omsorg adm.	3 399	2 931	5 344	2 413	45,2 %
310-Institusjonsteneste	28 754	29 412	26 412	-3 000	-11,4 %
320-Bu og habilitering	20 163	21 959	18 421	-3 538	-19,2 %
330-Helse og koordinerande eining	12 227	17 972	16 084	-1 888	-11,7 %
340-Heimeteneste	28 177	30 562	27 402	-3 160	-11,5 %
350-Sosialteneste og barnevern	8 828	12 597	9 454	-3 143	-33,2 %
Sum	101 548	115 434	103 117	-12 317	-11,9 %

Kommentar til status økonomi

Lønn - meirforbruk på 4 290 871

På fastløn har vi eit mindreforbruk på 577 214.

Vi har nytta til saman 1 675 019 til permisjonsvikarar, 8 051 238 på sjukevikarar, 3 874 180 på ferievikarar, 930 474 på ekstrahjelp og 6 164 791 på overtid. Ein vel å vise til samla forbruk og ikkje mindre-/meirforbruk her då ein nyttar lønnsrefusjonar til å auke budsjettpostane her. Til pensjonsutgifter har vi nytta 526 852 meir enn budsjettet og til arbeidsgjevaravgift 1 218 701 meir enn budsjettet.

Tala viser at sektoren held seg innanfor vedteke stillingsbudsjett, men at sjukefråvær og anna fråvær fører til eit større meirforbruk på lønn. Sjukefråvær og anna fråvær må vere eit fokusområde for sektoren åra framover.

Utgifter- meirforbruk på 7 346 697

På drift har vi eit meirforbruk på 1 272 872. Brorparten av meirforbruket skyldast auka kostnader knytt til medisinsk forbruksmateriell, medikamenter, matvarer, arbeidstøy og manglande budsjettering av utgifter til bilparken til heimeteneste. Ein har større meirforbruk og mindreforbruk på postar som driftsavtaler, reparasjonar og vaktmeister og drifts-/serviceavtaler IKT, men desse må sjåast opp mot kvarandre, då dei er feilførte sett opp mot kvar kostnadane blir ført.

Til kjøp av produksjon har vi eit meirforbruk på 5 615 202. Tenester frå kommunar står for brorparten av meirforbruket og driftstilskot legar og fysioterapeutar for ein mindre del av det. Til teneste frå andre kommunar har vi nytta 4 179 823 meir enn budsjettet, dette er kostnader knytt til dei interkommunale samarbeida vi deltek i og meirforbruket skyldast auka utgifter til barnevern og NAV. Flyktningssituasjonen har ført til vesentlege meirforbruk til sosialhjelpsstønad gjennom NAV og dyre tiltak i barnevern. Reforhandling av legeavtalene har effekt frå 01. Mai 2023 og har resultert i ei vesentleg kostnadsauke for kommunen knytt til legeteneste, men reforhandlinga var heilt naudsynt for å sikre at Sande kommune har konkurransedyktige avtaler for legar i næringsdrift samanlikna mot dei andre kommunene i sjustjerna.

Tala viser at sektoren har fått ei stor auke i kostnader knytt til NAV og barnevern, det vert rapportert frå både NAV og barnevern at flyktningar står for kostnadsauken utover budsjett. Dei viser også at dei tiltaka regjeringa har fått på plass hittil for fastlegeordninga har økonomiske konsekvensar kommunane utover det dei anslo ville kunne dekkkast innanfor etablerte økonomiske rammer - likevel er sektoren si oppfatning at desse tiltaka er naudsynte og vel so det for å sikre fastlegeordninga.

Inntekter - 679 044 mindre enn budsjettert

Sektoren fekk 3 114 369 mindre enn budsjettert til særskilt ressurskrevjande teneste, 353 145 mindre enn budsjettert til matpengar, 174 205 mindre enn budsjettert i brukar-betaling og 32 661 mindre enn budsjettert til husleige o.l.

Samstundes fekk helse og koordinerande eining 1 350 664 meir enn budsjettert knytt til refusjonar for legar og fysioterapautar og 310 787 meir enn budsjettert i brukarbetaling. Ser ein dette mot andre refusjonar og tilskot endar ein opp med 679 044 mindre enn budsjettert i inntekter.

Tala viser at sektoren har ei auke i inntekter på legesida og i refusjonar og tilskudd knytt til helse og koordinerande eining. Samstundes har ein budsjettert for mykje inntekter i refusjonsordninga for særskilt ressurskrevjande teneste, dette er ein lærdom vi tek med oss vidare i styringsarbeidet vårt. Ein ventar at inntektene vil bli lågare, både grunna rasjonalisering av tenestene våre, men også grunna endringar i refusjonsordninga.

Tala viser og at kostnadsauka i samfunnet fekk langt lågare konsekvensar for brukarbetaling og matpengar enn frykta i prognosene til sektoren. Det same gjeld inntekter knytt til husleige o.l

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud. Rekneskap	Status
Helseplattformen - investering	8 000	0	500	0 Ikkje vurdert
Sum	8 000	0	500	0

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,50 %	9,70 %	13,20 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,89 %	9,71 %	12,60 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet for 2023 starta med å være noko høgare enn på same tidspunkt i 2022, og ein såg ein trend med aukande sjukefråvær samanlikna med 2022 fram mot sommaren. Frå Juli og utover har ein lykkast med å halde sjukefråværet under det det var i same månadane i 2022 - og ser at vi har lykkast godt med å jobbe med fråværet. November og Desember hadde eit lite hopp i fråvær grunna ein av dei verste sesongane for luftvegsinfeksjonar og omgangssjuka på fleire år, ein lykkast godt med å halde majoriteten av smitta blant dei tilsette og råka ikkje brukarane unødige med dette. Det kan syne at vi har gode rutine og haldningar kva gjeld smittevern.

Det er til tider særskilte utfordrande for leiarane våre å dekke opp sjukefråvær, vi har hatt fleire stillingsutlysningar utan søkjarar i det siste og det er generelt mangel på vikarar for heile kommunen uavhengig av sektor. På det verste kan leiarane bruke heile og fleire arbeidsdagar på dekking av sjukefråvær, dette går på bekostning av sjukefråværsoppfølging, kvalitet- og leiingsarbeid og dagleg drift. Ein veit også frå tidlegare erfaringar at dette kan få konsekvensar for motivasjonen til leiarar for å stå i stillingane sine og må difor være eit fokusområde for oss framover. Kommunalsjefen tillet som hovudregel ikkje at einingsleiarane sjølve går inn og dekkjar sjukefråvær.

Helse og omsorg adm.

Skildring av tenesteområde

Helse og omsorg administrasjon har desse ansvarsområda: Helse og omsorg administrasjon, forvaltning og Sande frivilligsentral. Desse ansvarsområda låg tidlegare til eining for tenestekoordinering.

Mål/visjon for dei ulike ansvara er:

- Administrasjonen har som mål å gi gode vurderingar i høve eigenbetaling av tenester og fylgje dei retningslinjer, gebyr og forskrifter som gjeld til ei kvar tid.
- Forvaltning har som mål at det skal etablerast ein praksis der det er tydeleg skilje mellom dei som tildeler og dei som yter tenestene. Sakshandsaminga skal vere rettsgarantist for innbyggjarane,

avgjerslene som vert tekne skal ha heimel i lov og forskrift. Samarbeid med tenesteytarane skal stå sentralt slik at tenestene ber preg av kvalitet og er fagleg forsvarlege.

- Sande frivilligsentral har denne visjonen i vedtektene sine; "Saman for å skape eit godt og inkluderande lokalsamfunn med god folkehelse og trivsel for alle. Frivilligsentralen skal vere ein lokal og open møteplass for alle som ønskjer å ta del i frivillig arbeid i Sande kommune."

Administrasjonen arbeider med fakturering av dei helse -og omsorgstenestene som krev eigenbetaling. Hausten 2023 gjennomførte konsulenten kurs i eigenbetaling for langtidsopphald i institusjon. Spesialkonsulenten er også sakshandsamar inn mot TT-kort (drosjelappar).

Forvalting tek imot og handsamar alle søknadar på helse- og omsorgstenester. Vi fekk inn omlag 350 søknadar (kjelde: Gerica). Vi handsamar også klager på teneste. Generelt har vi lite klager. Vi legg vekt på brukarmedverknad og god dialog med søkjarane og pårørande. Vi arbeider med å utføre god kartlegging og vurdering før vi tildeler tenester. Vi legg stor vekt på gi søkjarane rett teneste utifrå det hjelpebehovet dei har. Vi samarbeider i ulike tverrfaglege møter med å vurdere behova til den enkelte søkjar. Systembrukar for Gerica ligg også til dette ansvaret.

Koordinerande eining ligg til ansvar forvalting. Spesialkonsulenten der har i oppgåve å handsame søknadar, opplæring og utpeiking av koordinatorar.

Det interkommunale nettverket for leiarane i sakshandsaming har også i 2023 fungert godt og vore ei støtte i arbeidet med sakshandsaminga.

Samarbeidet med dei andre einingane er viktig og det har vore godt. Tverrfagleg samarbeid, dialog og fleksibilitet er stikkord her.

Sande frivilligsentral har også i 2023 vore med og vidareført sosiale møteplassar i fleire bygder i Sande i samarbeid med ulike lag og organisasjonar. Det vart også samarbeidd med oppvekst og kultur om ulike tiltak. Dagleg leiar har gjort eit godt arbeid med å nå ut til innbyggjarane i Sande via sosiale medie og med å rekruttere frivillige i alle aldrar til ulike arrangement. Dagleg leiar var også i fjor knytt opp mot satsinga Livsgledeheim og arbeidet med flyktningar. Arbeidet som folkehelsekoordinator vart delegert til henne og avtalen God helse vart signert mellom Sande kommune og Statsforvaltaren .

Utfordringane i 2023 har vore at Sande frivilligsentral ikkje har eige lokale slik at den kan ha ope hus eller ulike arrangement på dag/kveld. Ei anna utfordring er rekruttering av frivillige.

Viktige hendingar

Frå oktober 2023 vart administrasjonen, forvalting, Sande frivilligsentral, og einingsleiar for helse og koordinerande eining flytta frå Sandetun omsorgssenter og samlokalisert på Sande rådhus, "Helsefløya".

Til jul 2023 fekk Sande frivilligsentral tildelt midlar frå Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre og andre private slik at vi kunne kjøpe inn varer og dele ut gratis matkasser til jul. Vi delte ut 29 kasser med hjelp frå dagleg leiar og frivillige. Alle som melde inn behov fekk matkasser og responsen var svært god.

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg adm. har i 2023 hatt eit mindreforbruk på kr. 2 412 727. Men dette må sjåast samla for sektoren, her er ein del budsjettmidlar ein ikkje har prioritert å omdisponere til einingane. Vel heller å føye det inn i den samla rapporteringa for sektoren.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 500	3 401	5 646	2 245	39,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	153	297	84	-213	-254,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	29	31	26	-5	-18,7 %
Finansutgifter	0	90	0	-90	0,0 %
Sum Driftsutgifter	3 682	3 819	5 756	1 937	33,7 %
Salgsinntekter	0	0	-2	-2	100,0 %
Refusjoner	-238	-277	-411	-133	32,4 %
Overføringsinntekter	-38	-610	0	610	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-7	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-283	-888	-412	476	-115,4 %
Netto resultat	3 399	2 931	5 344	2 413	45,2 %

Institusjonsteneste

Skildring av tenesteområde

Hausten 2023 vart helse og omsorgssektoren omorganisert, og ansvara kjøkken og reinhald vart lagt til institusjonstenesta.

Sjukeheim

Sjukeheimen yter tenester til dei brukarane som treng mest omfattande tenester. I tillegg driftar sjukeheimen 5 korttidsplassar inkludert 1 KAD plass. Det har i periodar vore omtrent fullt på sjukeheimen, medan det i periodar har vore nokre ledige plassar. Vi har greidd å ta i mot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, og har dermed unngått bøter.

Kjøkken og reinhald

Mål

- Kjøkken og reinhald har som mål å gi tenester med god kvalitet tilpassa ei kvar tid gjeldande behov og økonomiske rammer.

Kjøkkenet leverer mat til pasientar på sjukeheimen, dei som bur i omsorgsbustadane ved Sandetun omsorgssenter og til brukarar i bygdene. Dei leverer også mat til ulike kommunale møter og private etter kapasitet. Det er eit mål at kjøkkenet skal verte brukt mest mulig når kapasiteten er der. Dei tilsette på kjøkkenet er opptekne av å tenke matglede og å tilpasse meny og måltid til pasientane og brukarane sine behov. Kjøkkenet er ein viktig del av satsinga Livsgledeheim. Hausten 2023 var Sande kommune teken ut til å vere vertskap for eit Matglede arbeidsseminar i samarbeid med Matgledekorpsset i Møre og Romsdal. Matgledekorpsset jobbar med å skape meir mat- og måltidsglede hos eldre. Prosjektet er finansiert av Landbruks- og Matdepartementet. Dei sju kommunane rundt oss vart inviterte til å vere med og det var god oppslutning. Seminaret gav deltakarane nye idear og inspirasjon til å tenkje nytt rundt måltid og ernæring.

Reinhald utfører alt dagleg reinhald på Sandetun omsorgssenter og i delar av bu – og habilitering. Omsorgssenteret består av sjukeheim, omsorgsbustadar, fysioterapiavdeling og tannklinikk. Dei tek all nedvask gjennom ekstra innleige.

Kjøkken og reinhald har levert gode og stabile tenester i 2023. Det har vore stabilt personale med god kompetanse både på kjøkkenet og reinhald gjennom heile året. Det har vore god tilgang på vikarar.

Dei tilsette på sjukeheimen gjer ein solid jobb, og yter gode tenester til Sande sin innbyggjarar.

Viktige hendingar

Sjukeheimen blei resertifisert som livsgledeheim i september 2023, og vi fortsetter det gode arbeidet, mot neste resertifisering.

Både reinhald og kjøkken har hatt stabil og god drift i 2023.

Vi har levert gode tenester og hatt tilgang på kompetanse og vikarar når vi har hatt behov for det.

På kjøkkenet var det ekstra stas å verte utteken av Statsforvaltaren til å vere vertskap for Matglede arbeidsseminar. Det var også positivt for produksjonen på kjøkkenet at den nye kombidamp - omnen kom på plass hausten 2023.

Dei tilsette yter ein solid innsats for å gi gode tenester til innbyggjarane i Sande kommune.

Kommentar til status økonomi

Lønn - meirforbruk på 2 233 501

Institusjonsteneste har eit meirforbruk på fastløn på 66 396 og på avtalefesta tillegg på 4216 155. Til permisjonsvikar, sjukevikar, ferievikar, ekstrahjelp og overtid er meirforbruket samla på 1 054 836. Til pensjon og arbeidsgjevaravgift er meirforbruket på 1 213 019.

Eininga har fått 2 766 899 i refusjonar for sjukefråvær og fødselspengar.

Utgifter - meirforbruk på 431 932

Til drift har eininga nytta 506 238 meir enn budsjettert, 75 975 i inntekter på fordringar og garantier fører til eit noko lågare meirforbruk samla til utgifter.

Auka kostnadar til medikamenter, matvarer, reinhaldsartiklar, renhalds- og vaskeritenester og kjøp av utstyr står for brorparten av meirforbruket.

Inntekter

Inntektene viser svikt i brukarbetaling på 438 769, brorparten som en reduksjon i matpengar.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	35 346	36 388	34 036	-2 352	-6,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 273	4 321	3 814	-506	-13,3 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	23	2	0	-2	0,0 %
Overføringsutgifter	1 036	746	822	76	9,2 %
Finansutgifter	1	0	0	0	-17,1 %
Sum Driftsutgifter	40 679	41 457	38 673	-2 784	-7,2 %
Salgsinntekter	-7 968	-8 267	-8 706	-439	5,0 %
Refusjoner	-3 955	-3 774	-3 555	219	-6,2 %
Overføringsinntekter	-2	-4	0	4	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-11 925	-12 045	-12 261	-216	1,8 %
Netto resultat	28 754	29 412	26 412	-3 000	-11,4 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,21 %	11,31 %	15,52 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,63 %	7,90 %	11,53 %

Status sjukefråvær og HMS

Det samla sjukefråværet på kjøkkenet har vore 4,46% og 8,32% på reinhald i 2023. Det er flest eigenmeldingar og at langtidsfråværet er so lavt er ei positiv utvikling, då arbeidsbelastinga både på reinhald og kjøkken kan vere stor.

Samla sjukefråvær på sjukeheimen har vore 12,98, men det har vore ein nedgang fra 14,87% i første tertial til 13,12% i 3. tertial. Fråværet er likevel for høgt, og det vert jobba kontinuerlig med å redusere dette.

Bu og habilitering

Skildring av tenesteområde

Bu og habilitering yter i hovudsak tenester til menneskjer med ulike funksjonsnedsettelser og/eller psykisk utviklingshemming. Tenesta yter mellom anna ressurskrevjande tenester til brukarar med store behov. Eininga består av om lag 40 årsverk fordelt på 49 tilsette.

I bu og habilitering er brukargruppa som omhandlar dei som treng omfattande tenester, nokolunde stabil. Tenestene vert ytt etter enkeltvedtak, og det er fleire som har 1:1 eller 2:1 bemanning rundt seg, av ulike grunnar. Vi har 11 brukarar i denne gruppa. Fokuset for arbeidet er å legge til rette for at brukarar, uavhengig av funksjonsnivå, skal leve fullverdige liv og delta i samfunnet. Personal som kjenner brukarane godt er ei føresetnad for å skape gode tenester for våre brukarar.

Bu- og habilitering har gjennom 2023 hatt store utfordringar knytt til sjukefråvær, samstundes som vi ikkje har fått søkjarar til utlyste faste stillingar. I kombinasjon har dette medført at vi manglar folk til å dekke vakter og det har blitt brukt svært mykje overtid. Skal tenestene som gis vere forsvarlege trengs både rett kompetanse, samt god kjennskap til den enkelte brukar. Tenestene som ytast er relativt personal-intensive, nok som vil sei at det til ein kvar tid skal vere tilstrekkeleg personale til stede for å ivareta den einskilde brukar sitt behov.

Viktige hendingar

I 2023 blei det gjort ei omorganisering som medførte at psykisk helse/rus og lågterskeltilbodet på Øya vart skilt ut frå bu og habilitering. Pr i dag yter eining for bu og habilitering ressurskrevjande tenester til brukarar med store behov.

Det vart i oktober 2023 tilsett ny leiar for eininga. Omorganiseringar og endring i leiing påverkar både tilsette og tenesta på ulike måter. Det tek noko tid for alle å venne seg til ny struktur og å bli kjent. Eininga vart endra frå å ha to avdelingsleiarar til å få ein einingsleiar.

Kommentar til status økonomi

Rekneskap for 2023 viser eit overforbruk i bu- og habilitering på kr. 3 538 383,-.

Det er ekstrakostnader knytt til lønn. Spesielt vert det brukt mykje penge på overtid, som er ei stor ekstrakostnad. Mangel på vikarar og/eller personell med rett kompetanse bidrar til økt bruk av overtid. Elles er det avvik på konto for anna løn og trekkpliktige godtgjersler, pensjon og arbeidsgivaravgift.

Ein stor del av avviket er knytt til refusjonar frå staten. Her låg ein inne med estimert høgare ressursbruk enn kva som var i praksis, og dermed høgare refusjonsbeløp. Blant anna har bruk av velferdsteknologi gjort det mogleg å redusere noko bruk av ressursar.

Oppsummering tiltak

På kort sikt jobbar vi for å få på plass fleire vikarar som kan jobbe ledige vakter og dekke inn ved sjukefråvær, permisjonar og liknande på fast tilsette. På lengre sikt må vi fortsette å jobbe målretta med å rekruttere og behalde fagkompetente og motiverte tilsette.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	44 535	46 325	45 611	-714	-1,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	813	925	889	-36	-4,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 238	2 095	2 003	-92	-4,6 %
Overføringsutgifter	845	185	175	-10	-5,8 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	47 430	49 530	48 677	-853	-1,8 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Salgsinntekter	-2	-3	-2	1	-45,1 %
Refusjoner	-26 591	-27 568	-30 207	-2 640	8,7 %
Overføringsinntekter	0	0	-47	-47	100,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-674	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-27 267	-27 571	-30 257	-2 686	8,9 %
Netto resultat	20 163	21 959	18 421	-3 538	-19,2 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,06 %	6,76 %	10,82 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,93 %	13,50 %	16,43 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i Bu- og habilitering har i 2023 vore 16,43 %, der 2,93 % har vore korttidsfråvær og 13,5 % langtidsfråvær.

Sjukefråværet skaper utan tvil utfordringar for oss. For å ha ei forsvarleg drift må vi ha personell med ei viss kompetanse på jobb, mellom anna pga tvangsvedtak. Dette medfører dessverre at vi bruker mykje overtid. På den positive sida har sjukefråværet gradvis blitt lågare frå 1.tertial til 3.tertial.

Helse og koordinerande eining

Skildring av tenesteområde

Helse og koordinerande eining vart ei ny eining i 2023 - der ein slo saman koordinerande eining og helseavdelinga.

Helse og koordinerande eining består av helsestasjonen, legesenteret, fysio- og ergoterapi, koordinerande eining og fungerer som kommunalsjefen sin stabsleiar. Eininga sakshandsamar og søknadar om kommunale helse og omsorgsteneste, på vegne av kommunalsjefen, i samarbeid med dei andre einingane.

Mykje av områda som ligg til eininga har tidlegare rapportert direkte til kommunalsjefen, dette var ikkje ansett som berekraftig, då ein endte opp med at dei ikkje fekk same oppfølging som resten av sektoren.

Kommentar til status økonomi

Lønn

Fastlønn har eit meirforbruk på 160 211, dette skyldast ei flytting av fysioterapeut frå heimeteneste til helse og koordinerande eining gjort av kommunalsjefen.

Til sjukevikar, ferievikar og overtid har eininga nytta 120 698 meir enn budsjettet og 579 310 meir enn budsjettet til pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift.'

Eininga har fått inn 1 225 680,- i refusjonar knytt til sjukeløn og fødselspengar

Utgifter

Eininga har eit meirforbruk på 3 111 359 til utgifter. Interkommunal legevakt, psykolog og felles samarbeid med Ålesund kommune om blant anna overgrepsmottak står for 1 118 280 av meirforbruket og auka utgifter til legar i næringsdrift for 1 415 770. Til drift har ein nytta 800 075 meir enn budsjettert - i stor grad grunna ei auke i utgifter til tolking, IKT-utgifter som Norsk helsenett og lisenskostnader.

Inntekter

Eininga har 2 046 046 meir i inntekter enn budsjettert, dette grunna 1 350 664 meir i refusjonar enn budsjettert, 310 787 meir i brukarbetaling enn budsjettert og 384 597 meir i overføringar enn budsjettert. Overføringane er statstilskot til helsestasjonen. "

Tala viser til ei eining som driftar godt innanfor vedteke budsjett, men at ein ikkje lukkast med å treffe på prognosene knytt til endringa i finansiering av legetenestene. Det er og utfordrande å budsjettere til interkommunale samarbeid, då kommunane ikkje er omforente i styringsmodell knytt til dei interkommunale samarbeida.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 905	12 383	11 513	-870	-7,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 493	2 821	2 021	-800	-39,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 902	7 734	5 422	-2 312	-42,6 %
Overføringsutgifter	642	632	632	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	1	1	53,7 %
Sum Driftsutgifter	16 943	23 570	19 589	-3 981	-20,3 %
Salgsinntekter	-240	-544	-233	311	-133,5 %
Refusjoner	-3 899	-4 670	-3 272	1 398	-42,7 %
Overføringsinntekter	-457	-385	0	385	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-119	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 717	-5 598	-3 505	2 093	-59,7 %
Netto resultat	12 227	17 972	16 084	-1 888	-11,7 %

Heimeteneste

Skildring av tenesteområde

Einingsleiar har hatt ansvar for bu- og habilitering, sjukeheim og heimeteneste.

2023 har vore prega av planlagte og gjennomførte omorganiseringar. I september 2023 blei psykisk helse/rus overført til heimetenesta fra bu- og habilitering.

I oktober blei det tilsett ny einingseiar i bu- og habilitering.

Generelt har ei av dei største utfordringane innafor desse avdelingane vore tilgang på kvalifisert personell. Det er lite søkjarar på alle typar stillingar, frå fagstillingar til ferievikarstillingar. Spesielt

utfordrande har det vore i psykisk helse/rus noko som er negativt da det ivi ser ei auke i talet på brukarar.

Mangel på personell, har ført til at vi mellom anna har sett oss nøydd til å redusere tilbodet på Øya, noko som er spesielt negativt da dette tilbodet har vore med på å redusere presset på andre meir ressurskrevende tenester.

Dei tilsette i heimetenesta og psykisk helse/rus gjer ein solid jobb, og yter gode tenester til Sande sin innbyggjarar.

Kommentar til status økonomi

Lønn

På fastløn har eininga eit meirforbruk på 1 413 399, dette meirforbruket må sjåast i samanheng med mindreforbruket til bu og habilitering på fastløn på same sum. og kjem av at ein ikkje har flytta budsjettmidlane for tilsette i rus og psykiatri frå buhab til heimetenestene, men har flytta kostnadane for dei.

Til helligdagstillegg og avtalefesta er der eit meirforbruk på 616 589. Permisjonsvikar, sjukevikar, ferievikar, ekstrahjelp og overtid har eit samla meirforbruk på 380 711.

Til pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift har eininga nytta 576 928 meir enn budsjettert

I refusjonar har fått inn 1 628 897 i refusjonar for sjukeløn og fødselspengar.

Utgifter

Avsetning til bunde fond og manglande budsjettmidlar til bilpark står for brorparten av meirforbruket til utgifter.

Inntekter

På inntektssida har heimetenestene 41 155 meir i inntekter enn budsjettert, det har vore ei lita svikt i brukarbetaling og inntekter knytt til husleige, men dette har vorte utjamna av øyremerkte tilskot frå staten.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	29 643	31 595	28 519	-3 077	-10,8 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 481	1 888	2 169	281	13,0 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14	95	0	-95	0,0 %
Overføringsutgifter	357	245	230	-15	-6,6 %
Finansutgifter	0	385	0	-385	0,0 %
Sum Driftsutgifter	32 496	34 208	30 918	-3 290	-10,6 %
Salgsinntekter	-997	-1 235	-1 304	-69	5,3 %
Refusjoner	-3 021	-2 403	-2 211	191	-8,7 %

Årsmelding 2023

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsinntekter	-300	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-8	0	8	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 318	-3 646	-3 516	130	-3,7 %
Netto resultat	28 177	30 562	27 402	-3 160	-11,5 %

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,50 %	10,39 %	12,89 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,47 %	7,97 %	10,43 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær for 2023 er på 10, 43, men fråværet har gått ned gjennom 2023, med 12,09 i første tertial, ned til 9,01 i 3 tertial.

Sosialteneste og barnevern

Skildring av tenesteområde

Barnevern

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 01.01.23. har Vanylven vore ein del av samarbeidet.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Tenesta har eit Familieteam, som arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern. ”

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har også hatt fokus i 2023. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vart overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har tatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av fleire kommunar i Møre og Romsdal.

Kommunane som er med i samarbeidet er alle opptekne med å kartlegge og utvikle god tverrfagleg samhandling. Tenesta er engasjert i dette arbeidet og ser at det er viktig for å sikre at det einskilde barnet får rett hjelp til rett tid.

Det vart rapportert fristbrot i ei av dei tre undersøkingane som vart gjort gjeldande barn i Sande kommune for andre halvår 2023. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta for å unngå fristbrot og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå målet. Vi ser likevel at nokre av kommunane hadde fristbrot. Vi erfarar at sjukefråvær, nyttilsettingar o.a raskt får konsekvensar for å tilfredsstille krava som er stilt oss.

Det har vore saker i nemnd og rett gjeldande fem barn i Sande i 2023.

Alle kommunane i samarbeidet tek i mot auka tal flyktningar grunna krigen i Ukraina. Barnevernet har fått fleire saker som gjeld barn av busette flyktningar. Naturleg nok er ukrainske barn ein del av biletet. Sakene er til dels krevjande og akutte, og språkbarrieren gjer sakene ekstra utfordrande og tidkrevjande. Vidare er sakene utfordrande barnevernsfagleg, og tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Bufdir si avdeling for utanlandssaker.

NAV

NAV leverer arbeidsretta brukaroppfølging og sosiale tenester til innbyggjarane i kommunane Hareid, Ulstein og Sande. Dette inkluderer IPS og Arbeid med støtte. IPS er organisert i NAV Hareid-Ulstein-Sande men leverer også IPS i Herøy og Vanylven i samarbeid med NAV Herøy-Vanylven.

Overordna mål for tenesta:

- Fleire i arbeid og aktivitet
- Hindre utanforskap

- Sikre økonomisk tryggleik for utsette grupper
- Bistå bedriftene i rekruttering, omstilling og inkluderingsarbeid

Viktige hendingar

NAV

Året har vore prega av stor aktivitet der flyktningssituasjonen i samband med krigen i Ukraina har framleis stor innverknad på drifta. Kontoret har hatt eit betydeleg arbeid med å etablere mange flyktningar i våre kommunar. Vi har samarbeida tett og godt med flyktingtenestane i dette arbeidet

Vi har levert gode og tilgjengelege tenester til innbyggjarane, og hatt fokus på kvalitet og utvikling i brukaroppfølginga. Samstundes utfordrar flyktningssituasjonen kapasiteten til NAV kontoret.

Vi har vidareført og utvikla tidelg innsats i høve sjukefråværsoppfølginga for å forhindre langvarig sjukefråvær og utanforskap.

Samarbeid med andre kommunale tenester har vore viktig for å bidra til meir heilskaplege tenester for dei vi følgjer opp.

Vi har jobba med å implementere ungdomsgarantien som tredde i kraft 1. juli. Denne skal sikre at alle unge mellom 18-30 år med behov for bistand har ein fast rettleiar, og eit tilbod om arbeidsretta aktivitet eller oppfølging

Kommentar til status økonomi

Barnevern

Det er eit meirforbruk på tiltak utanfor familien grunna at barn frå Sande kommune har kome i beredskapsheim og fosterheim. Det er også barn som er tilbakeført til familien i 2023.

Det er eit meirforbruk på tiltak i familien grunna at ein familie i Sande har vore i Foreldre barn senter i løpet av året.

Prisen på tiltak frå statleg barnevern er så høg at det fører til stor endring i prognose når tiltak vert oppretta og avslutta.

Saker i nemnd og rett fører til utgifter til advokat og i nokre saker også tolk. Dette er også medverkande til meirforbruk for Sande i 2023.

NAV

Utbetalingar til sosialhjelp er i hovudsak årsaka til avviket i budsjettet. Kommunen busette mange flyktningar i 2022 og 2023. Dette har i stor grad påverka utbetalingane til sosialhjelp. Den generelle kostnadsauken i samfunnet har også påverka utbetalingane, men i mindre grad enn samanlikna med andre kommunar i området.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	14	12	13	2	13,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	8 807	12 555	9 441	-3 114	-33,0 %
Overføringsutgifter	10	3	3	0	0,0 %
Finansutgifter	0	30	0	-30	0,0 %
Sum Driftsutgifter	8 831	12 600	9 457	-3 143	-33,2 %
Refusjoner	-3	-3	-3	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-3	-3	-3	0	0,0 %
Netto resultat	8 828	12 597	9 454	-3 143	-33,2 %

Status sjukefråvær og HMS

Barnevern

Det samla sjukefråværet for året er 12,64 %. Dette er ei auke ifht førre år. Auken er hovudsakleg i det eigenmeldte korttidsfråværet. Langtidssjukefråværet er ikkje knytt til arbeid. Tenesta har gode rutinar for å følge opp sjukmelde og å legge til rette for å unngå sjukefråvær.

NAV

Sjukefråværet var 7,27 % for statleg tilsette og 10 % for kommunalt tilsette i 2023.

Samla sett var sjukefråværet på 8,1 %

Teknisk og landbruk

Skildring av tenesteområde

Teknisk sektor sine arbeidsområder omfattar vide områder både innan drift, forvaltning og investering.

Tenesteområder som ligg til Teknisk sektor i Sande kommune er relativt mange i forhold til andelsmessig kommunar.

Tenesteområda har oppgåver innan forvaltning knytt til lovverk og driftsmessige oppgåver.

Landbruk

- Arbeid med forvaltning av ulike tilskotsordningar som produksjonstilskot, regionalt Miljøprogram, smil, drenering med meir.
- Arbeid knytt til forvaltning med konsesjon, jordlovsaker, arealforvaltning med meir.
- Arbeid knytt til viltforvaltning, veterinærteneste.
- Sande kjøper skogtenester frå Herøy kommune.
- Felles veterinærteneste for Hareid, Herøy, Ulstein og Sande blir organisert av Herøy kommune.

Byggesaksbehandling

- Løpande arbeid knytt til byggesaksbehandling og dispensasjonssaker.
- Ulovlegheitsoppfølging.
- Arbeid med detaljreguleringsarbeid.
- Kart og oppmåling

FDV - Bygg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

- Avdelinga har ansvar for bygningsmasse (30 000 kvm) og nyanlegg knytt til bygningar.
- Ansvar for reinhald av rådhus, verkstad og legekontor.

FDV - Anlegg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

- Avdelinga har ansvar for all kommunal infrastruktur utanom bygningsmassa.
- Ansvar for vegar, gatelys, kaier, kommunal leidningsstruktur.
- Det har ikkje vore tilsett eigen leiar for avdelinga og leiaransvaret har vore i varetatt av Teknisk sjef og ansv. vassverk.

Kart og oppmåling

- Avdelinga har ansvar for arbeidet med kartlegging- og delingsarbeidet innan kommuna
- Matrikkelføring og saksførebuing er ein del av arbeidet.
- Kartlegging av leidningsnettet inngår også.

Brannvern

Sande kommune har eige brannvern bestående av befall, brannkonstablar og depotstyrker på øyane.

Lovpålagde administrative ressursar er fordelt mellom tilsette på sektoren.

Kyrkja

Teknisk sektor har ansvar for grøntvedlikehald på gravstadane og graving av graver.

Sande kommune sitt overføringar til kyrkja vart for 2023 tillagt teknisk sektor sitt ansvarsområde frå 1. august 2023.

Alle dei tre kyrkjene har gjennomgått renovering dei siste åra og dette har teknisk sektor stått for.

Overordna mål

Målsettinga er å yte gode tenester innanfor økonomiske rammer og gjeldande lovverk

- Teknisk sektor skal forvalte og gjennomføre lovpålagde og sjølvpålagde oppgåver til beste for innbyggjarane i kommunen.
- Teknisk sektor skal halde vedlike og føre tilsyn med kommunale eigedommar, bygningar, vegar, tekniske anlegg mv, slik at desse til ei kvar tid held forsvarleg standard.

- Teknisk sektor skal gjennomføre anlegg og investeringar slik dei er pålagde innanfor dei rammer som er vedtatt.
- Målsetjinga er at dei fleste brukarane skal vere fornøgde med dei kommunale tenestene innan tenesteområdet.
- Teknisk sektor har fått delegert av kommunestyret til å utføre driftsmessige og investeringsmessige oppgåver slik det går fram av budsjett og delegasjonsreglement.
- Sande kommune har eige landbrukskontor som skal gjennomføre drift- og forvaltningsoppgåver som ligg til denne tenesta innanfor gjeldande tidsfristar.

Viktige hendingar

Det vert arbeidd med mange prosjekt og under har ein prøvd å nemne dei mest arbeidskrevjande. Arbeidet er knytt til løpande driftsmessige oppgåver innan drift og forvaltning. Vidare pågår det eit kontinuerleg arbeid med investeringstiltak som gjerne går over fleire år.

Driftsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

- Etablering av avvikssystem innan FDV Anlegg.
- Framtidige vassforsyning - pålegg Mattilsynet.
- Byggesaksbehandling knytt til etablering av nye ferjekaier og oppstillingsfelt.

Investeringsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

- Ny reservevassforsyning etter pålegg frå Mattilsynet
- Arbeid med ny rammeplan for avløp
- Arbeid med utbygging av Sandetun
- Storehaugen bustadfelt
- Vassleidning mot Hallebygda
- Vassleidning til Haugsholmen
- Reinseanlegg vatn for Gursken og Gjerdsвика - slutføring
- Mange mindre prosjekt som ein har arbeidd med
- Ny kai Gjerdsвика
- Solceller Sandetun

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
500-Kyrkje og kyrkjegardsdrift	3 121	3 077	2 954	-124	-4,2 %
600-Landbruk	555	799	949	150	15,8 %
610-Teknisk	12 992	11 607	11 402	-205	-1,8 %
620-Teknisk - sjølvkostområde	0	0	176	176	100,0 %
Sum	16 668	15 484	15 482	-2	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk sektor har gått i balanse på driftssida.

Utgiftene er mykje knytt til drift av kommune sin infrastruktur. Her er utgifter til eksempelvis snøbrøyting og straumutgifter like ein kan gjere noko med. Det har vore relativt lave straumprisar i 2023. Bygningsmassa er stor og ein god del av denne har byrja å verte aldrande. Desse er spesielt innan oppvekstsektoren. Administrasjonen har arbeidd med ein eigedomstrategi som vil verte lagt fram på våraparten.

Tiltak framover vil være å arbeide med bygningsmassa gjennom tiltaksplanen i eigedomsstrategien.

Vidare arbeider ein med sjølvkostområdet vatn der ein har negativ utvikling på sjølvkostfondet. Ein arbeider med innføring av tvungen tilkopling til det kommunale vassleidningsnettet. Ein har krav både frå Mattilsynet og Tussa kraft (Gjerdsvika) til å gjennomføre større investeringstiltak.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Brannbil Sandsøya og brannutstyr	625	0	625	0 lht. plan
Enøk-tiltak - barnehage/skule	3 751	759	1 208	0 Forsinket
Feiing og tilsyn	150	151	74	75 lht. plan
Feltmodul slamtømming	125	100	125	100 Ikkje vurdert
Gjerdsvika hamn - industriveg	625	760	760	760 Forsinket
Gjerdsvika hamn - kai	21 850	25 337	21 600	25 221 lht. plan
Grunnkjøp bustadfelt	2 300	41	500	30 Forsinket
Kjøkken Sandetun	1 250	1 159	773	683 lht. plan
Kommunale skulebygg - standardheving	7 500	104	1 250	104 Ikkje vurdert
Larsnes overskotsmasse	950	1 414	893	1 357 lht. plan
Nausttomter Larsnesvika	400	0	400	0 Forsinket
Ny branngarasje Larsnes - utgreiing	34 949	57	575	57 lht. plan
Oppgradering avløpsnett (avløpsplanen)	11 000	1 847	2 900	431 Forsinket
Oppgradering kommunale leiligheter	1 500	414	625	0 Ferdig
Oppgradering omsorgsbustadar	1 000	201	675	39 Forsinket
Oppgradering vassleidningsnett (vassplanen)	25 000	10 291	5 000	7 243 Forsinket
Opprusting/asfalt vegar	5 627	4 512	1 750	1 767 lht. plan
Parkering Sandetun	2 150	2 223	298	372 lht. plan
Planleggingskostnader/kart	3 425	2 122	925	1 158 lht. plan
Sandetun nye/omgjering omsorgsbustadar	58 250	4 146	9 443	3 839 lht. plan
Sandetun sydsida	0	176	0	176 lht. plan
Sandetun teknisk anlegg	313	495	0	347 lht. plan
Solceller Sandetun	4 500	4 534	4 500	4 534 Ikkje vurdert
Storehaugen bustadfelt	24 000	22 526	9 293	7 819 lht. plan
Teknisk anlegg Rådhus	0	240	0	240 Ikkje vurdert
Uteområde skule/barnehage	1 100	465	475	151 lht. plan
Utsifting veglys	3 188	1 644	750	1 072 lht. plan
Utstyr kommunalteknikk	1 600	813	475	466 lht. plan
Sum	217 127	86 532	65 892	58 040

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,00 %	2,79 %	5,79 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,73 %	2,10 %	3,83 %

Status sjukefråvær og HMS

Det samla sjukefråværet for sektoren har vore 3,83 % i 2023. Dette er svært lavt og ei skal være om ein greier å holde det same nivået

framover.

For å holde lavt sjukefråvær framover må det kontinuerleg arbeidast med gode arbeidsstrukturar og informasjonsutveksling framover. Aktivt arbeid gjennom 3 parts samarbeidet (leiar, tillitsvald og verneombod) vil være sentralt.

Kyrkje og kyrkjegardsdrift

Skildring av tenesteområde

Ansvar kyrkje vart tillagt teknisk sektor frå 1. august 2023. Teknisk har ansvar for grøntvedlikehald og graving av grave ved fire gravstadar. Uteavdeling ved teknisk sektor grov 25 graver i 2023. Det vart i 2023 hyra åtte ungdomar og ein tilsynsmann/arbeidar i sommarmånadane for å utføre plenklypp på gravplassane. Alle dei tre kyrkjene i Sande har gjennomgått renovering dei siste åra, noko som teknisk sektor har stått for.

Kommentar til status økonomi

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	565	350	232	-118	-50,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5	7	0	-7	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1	0	0	0	0,0 %
Overføringsutgifter	2 551	2 722	2 722	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	3 122	3 079	2 955	-125	-4,2 %
Salgsinntekter	0	0	1	1	100,0 %
Refusjoner	-1	-2	-2	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-1	-2	-1	1	-112,3 %
Netto resultat	3 121	3 077	2 954	-124	-4,2 %

Landbruk

Skildring av tenesteområde

Sande har eige landbrukskontor med 60 % stilling.

Landbrukskontoret utfører i hovudsak oppgåver og tenester som kommunen er pålagt å utføre innan område som forvaltning av tilskots- og velferdsordningar i landbruket, jordlov/konsesjonslov, arealforvaltning, vilt- og naturforvaltning. Midlane til dei ulike tilskotsordningane blir fordelt i landbruksavtalen kvart år.

Det er 28 aktive gardbrukarar i kommunen. Dette talet har vore stabilt siste åra. No er det 5 mjølkebønder, alle på øyane. 2 bønder driv med kjøttproduksjon på storfe, 22 bønder har sauer. Det er aktive gardbrukarar i alle bygdene.

Tilskots- og velferdsordningar:

Tilskotsordningane utgjer hovudtyngda av sakshandsaming og vedtak i avdelinga.

Produksjons- og avløysartilskot:

28 søkjarar. Utbetalt produksjonstilskot 11.278.538,- kr.

Avlingssvikt:

Ein søkjarar fekk tildelt 71.697,- kr på grunn av avlingstap forårsaka av klima; mykje regn.

Særskilte miljøtiltak i landbruket, SMIL:

Sande kommune sin SMIL-strategi gjeld for 2021 – 2024.

Sande kommune fekk tildelt 200.000,- kr frå Statsforvaltaren. Det vart inndratt 30.763,- kr, så det var 230.763,- å dele ut. Heile beløpet vart tildelt 5 søknadar. Det vart avslutta 6 saker med 191.812,- kr utbetalt.

Drenering:

Sande kommune fekk tildelt 90.000,- kr frå Statsforvaltaren. Nye og auka satsar gjaldt frå 1.7.2023. Tidlegare innvilga søknadar som ikkje var oppstarta, vart inndratt og tildelt på nytt med nye satsar. Det vart inndratt 143.842,- kr, så det var 233.842,- å dele ut. Det var tre søkjarar som fekk tildelt 214.379,-. Det vart utbetalt 8.430,- kr i ei sak i 2023.

Regionalt miljøprogram, RMP:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal prioriterer tiltak. Her vart det tildelt i alt 145.444,- kr i 9 saker. Dette tilskotet gjeld mellom anna skjøtsel av kulturminne (f.eks gravrøyser) og kulturlandskap (slått av bratt areal), biologisk mangfald (kystlynghei Riste og Storholmen) og reduksjon av utslepp til luft ved tidleg spreiking av gjødsel og bruk av tilførselsslangar.

Konsesjons-/jordlovsaker:

Det vart handsama 2 søknadar om konsesjon i 2023. Det har vore handsama 2 saker om frådeling/omdisponering etter jordlova.

Viltforvaltning

Skadefelling av grågås:

Det er fortsatt område der grågåsa er ei stor plage, ho beitar på graset, skit og trakkar ned. Det vart tildelt fellingsløyve på Kvamsøya, Voksa og Sandsøya i utvalde område. Det vart gitt løyve til skadefelling av 35 grågås.

Hjortejakt:

Sande kommune sin forvaltningsplan for hjort gjeld for 2021 – 2024. Måla i forvaltningsplanen vart langt på veg oppfylt i 2023.

I 2023 vart det gitt fellingsløyve til 173 dyr og felt 185. Dette gir ein fellingsprosent på 106,9 %.

Gurskøy Sør Vald felte 145 dyr av 126, fellingsprosent på 115,1. Gurskøy Sør Vald var i det siste året av driftsplanen og kunne dermed skyte dyr som ikkje vart skote tidlegare år.

Det vart gitt løyve til fri avskyting av hjortekalvar til vald med bestandsplan; Gurskøy Sør Vald. Det vart felt 59 kalvar. Dette gir ein andel på 32 % av totalt antal felte dyr.

Fallvilthendingar:

I 2023 var det i alt 14 hendingar med fallvilt. Alle desse var hjort og 13 vart påkøyrde av motorkøyrerøy.

Sande kommune har avtale med 2 jegarar om ettersøk i slike tilfelle.

Merkeprosjekt hjort:

Det vart merka ei hjortekolle med GPS 29.03.2023. Kolla var då nord for Hallelia byggefelt. Kolla vart påkøyrd og avliva 23.12.2023.

Veterinærteneste:

Herøy kommune ved avdelingsleiar landbruk er ansvarleg for denne teneste. Sande kommune betalar 125.000,- kr i året for dette. På grunn av vanskar med å få til avtale med veterinærer som ville delta i vakta, vart det ei tilleggsutgift på om lag 100.000,- kr for 2023.

Planarbeid:

Det vart ikkje utført planarbeid i 2023.

Kommentar til status økonomi

Auka utgifter til landbruk kjem hovudsakleg frå kostnader til veterinærvakt.

I 2023 vart ansvaret for dette flytta frå Ulstein kommune til Herøy kommune. I 2023 vart det difor fakturert 125' for 2022 frå Ulstein kommune og 125' for 2023 frå Herøy kommune og eit tillegg på om lag 102' på grunn av auka utgifter.

Fellingsavgiftene for 2023 gav inntekter på 77.590,- kr (2022: 58.410,- kr). Desse inntektene går til Viltfondet. Midlane på Viltfondet går mellom anna til å betale for ettersøk av fallvilt.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	561	506	804	298	37,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4	17	48	32	65,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	20	373	116	-257	-221,8 %
Overføringsutgifter	17	1	51	50	97,2 %
Finansutgifter	32	53	0	-53	0,0 %
Sum Driftsutgifter	634	950	1 020	70	6,8 %
Salgsinntekter	-72	-135	-67	69	-102,7 %
Refusjoner	-1	-1	-1	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-6	-14	-2	12	-533,5 %
Sum Driftsinntekter	-79	-151	-70	80	-114,0 %
Netto resultat	555	799	949	150	15,8 %

Teknisk

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet har både forvaltningsmessige og driftsmessige oppgåver.

Området er inndelt i fire områder:

Byggesak

Arbeid innan denne avdelinga omfattar laupande arbeid knytt til byggesak og arbeid knytt til dispensasjon i forhold til arealplan.

Byggesak som ferjekaiane og Larsnesvika har oppteke tid og ressursar. I tillegg har tilsyn, frådelingssak og detaljreguleringsplan-prosess også tatt noko av arbeidskapasiteten.

Arealplan med byggegrensar mot sjø er fortsett under rulling, samt kystsoneplanen ikkje er ferdigklar grunna eksterne krav.

I mai 2023 blei det også pålagt i heile sjustjerna å krevje digitale byggesøknadar ved tiltak som krevjar ansvarleg søkande. Kravet blei sendt ut til profesjonelle aktørar i regionen. Digitale søknadar gjer sakshandsaming meir tydeleg og effektivt for kommunane.

I juli 2023 fekk vi ein ny medarbeidar i denne stillinga. Det har blitt nytta tid på opplæring og kursing fram til byrjinga av hausten.

Kart og oppmåling

Avdelinga har ansvar for arbeidet med kartlegging- og delingsarbeidet innan kommuna.

Matrikkelføring og saksførebuing er ein del av arbeidet.

Kartlegging av leidningsnettet inngår også.

I september 2023 fekk vi ein ny medarbeidar i denne stillinga. Det har utover hausten blitt brukt ein del tid på opplæring og kursing.

FDV Bygg (Forvaltning- drift og vedlikehald)

Avdelinga har ansvaret for den kommunale bygningsmasse og nyanlegg knytt til bygningar og kaier.

Sande kommune har ein relativt stor bygningsmasse og denne utgjer ca 30 000 kvm. Det har i 2023 vore gjennomført forvaltningsrevisjon av området. Konklusjon her er at ein ligg lavt i forhold til vedlikehaldskostnader både gjennom drift og investering. Forankring i overordna planverk og tiltak elles skal det arbeidast vidare med i 2024.

Kostnader knytt til drift (straum, forsikring, ventilasjon, brannvernlegg, sprinklar, heis, nødstraum, kommunale avgifter) vert ført på avdelinga.

Vaktmeistrane ligg til avdelinga og utgjer 3,4 stillingar.

Reinhald av rådhus, verkstad og legekantor ligg også til avdelinga.

Avdelinga har store utfordringar med å handtere gamle tekniske anlegg som går ned. Dette utifrå den økonomiske ramma avdelinga har tilgjengeleg. Det vert i 2024 fremma ei politisk sak knytt til eigeomsstrategi til bygningsmassa i Sande kommune.

Brannvern

Sande kommune har eige brannvern og dette er dimensjonert ut ifrå minstekrava. Dette inneber 16 brannkonstablar og administrative ressursar på ca 0,7 stillingar. Dei administrative stillingane er fordelt mellom tilsette på teknisk sektor og andre.

Ein har eit branndepot på Sandsøya (6 mann) og eit branndepot på Kvamsøya (6 mann).

Det har vore ca 30 hendingar i brannvernet gjennom 2023 og gjennomført ca 9 øvingar.

Det føreligg avvik på fasilitetar for brannstasjon Larsnes (krav i Arbeidsmiljølova) og brannbiler på Sandsøy og Kvamsøy.

I 2024 skal det innførast behovsprøvd feiing/ tilsyn i Sande kommune. Dette gjer at vi får retta tenestene meir mot behovet som er i det enkelte brannobjekt. Det er også eit mål å kunne tilby feiing/ tilsyn i fritidsbygg i kommunen i 2024. Feiing/ tilsyn ligg under sjølvkostområde. Husstandane har kanskje ikkje lenger behov for hyppig feiing på grunn av nye ovnar og endra fyringsmønster eller at behovet aukar i forhold til endra fyringsmønster.

Viktige hendingar

Driftsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

Arbeid med foreiningsarbeid der kommune er mynde har vore noko prioritert.

Sektoren har bidrege med mykje arbeid inn mot busetjing av flyktningar.

Arbeid med detaljreguleringsarbeid - både private og offentlege

Arbeid med Kystsoneplanen.

Etablering av avvikssystem innan FDV Anlegg.

Etablering av avvikssystem innan FDV Bygg.

Etablering av nytt system innan feiing og brannførebygging.

Slutføring godkjenning av hamneutbygginga i Gjerdsвика hamn

Ferjekaiutbygging i rute 01, og ny ferjeoppstillingsplass i Årvika

Investeringsmessige tiltak som har vore særleg prioritert:

Kaiutbygging i Gjerdsвика

Storehaugen bustadfelt

Sandetun utbygging - Tilskot og planarbeid her

Solcelleanlegg Sandetun

Asfaltering av kommunale vegar

Kjøkken og infrastruktur Sandetun inkl hovedkloakk under bygg

Utbetring av skulebygg - Kvamsøy og Gursken

Bryggeløysingar for ny beredskapsbåt

Utfasing av gatelys til LED og styresystem på desse.

Ny reservevassforsyning etter pålegg frå Mattilsynet.

Arbeids ny rammeplan for avløp.

Reguleringsplan gang- og sykkelveg Vik-Sætre langs fv.5868

Vassleidning til Hallebygda.

Sjøleidning til Haugsholmen.

Reinseanlegg vatn for Gursken og Gjerdsvika – slutføring.

Asfaltering av kommunale vegar og rekkverknedsetting på spesielt utsette stadar.

Kommentar til status økonomi

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 476	7 510	7 243	-267	-3,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	11 214	11 282	10 603	-679	-6,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	154	134	117	-18	-15,3 %
Overføringsutgifter	2 184	2 034	1 910	-124	-6,5 %
Finansutgifter	3	3	43	40	93,5 %
Sum Driftsutgifter	21 032	20 963	19 915	-1 048	-5,3 %
Salgsinntekter	-5 451	-6 631	-5 781	850	-14,7 %
Refusjoner	-2 544	-2 725	-2 732	-7	0,2 %
Overføringsinntekter	-45	0	0	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-8 040	-9 356	-8 513	843	-9,9 %
Netto resultat	12 992	11 607	11 402	-205	-1,8 %

Teknisk - sjølvkostområde

Skildring av tenesteområde

FDV Anlegg (Forvaltning, drift og vedlikehald)

Ny leiar vart tilsett for denne avdelinga i 2023, og for dei kommunale vassbehandlings- og avløpsreinseanlegga. Planlegging, organisering og utføring av drifts og vedlikehaldsoppgåver, rapportering, rekneskapskontroll og sjølvkostberekning er hovudoppgåver. Det har gått mykje tid til arbeid med ny overordna vassforsyning til Sande kommune dette året. Dette i forhold til nye krav frå Mattilsynet. Tussa har dette året varsla stenging av råvassforsyning til Gjerdsвика vassbehandlingsanlegg i 2026 i ein periode på eit halvt til eit år. Dette krev løysing for framskaffing av råvatn.

Til avdelinga ligg uteseksjonen som er lokalisert på kommunekaia på Larsnes. Uteseksjonen består av ein arbeidsformann og 3 fagarbeidarar.

Avdelinga har ansvar for all kommunal infrastruktur utanom det som ligg til FDV Bygg. Dette omhandlar det kommunale leidningsnettet innan vatn, avløp og overvatn. Vidare ligg ansvar for kommunale vegar, hamner, kaier, pumpestasjonar, vassreinseanlegg, osv til avdelinga (jf. FDV-Anlegg under Teknisk avdeling).

Avdelinga har i dag ansvar for 10 avløpspumpestasjonar, 5 vasspumpestasjonar, 6 høgdebasseng, 3 vassbehandlingsanlegg og 4 avløpsreinseanlegg. Sande kommune hadde i 2023 1207 abonnementar for vatn og 676 abonnementar for avløp.

Kommentar til status økonomi

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 677	4 595	6 145	1 551	25,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 626	3 916	3 212	-704	-21,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	365	1 137	640	-497	-77,7 %
Overføringsutgifter	-1 250	172	149	-23	-15,3 %
Finansutgifter	5 506	5 871	6 470	598	9,2 %
Sum Driftsutgifter	12 924	15 691	16 616	925	5,6 %
Salgsinntekter	-11 633	-14 123	-13 445	677	-5,0 %
Refusjoner	-171	-1 079	-2 949	-1 871	63,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 120	-490	-45	445	-988,3 %
Sum Driftsinntekter	-12 924	-15 691	-16 440	-748	4,6 %
Netto resultat	0	0	176	176	100,0 %

Internkontroll

Internkontroll

Med grunnlag i kommunelova § 25-1 skal kommunen ha internkontroll med den administrative verksemda for å sikre at lover og forskrifter blir følgde. Vidare går det fram at internkontrollen skal vere systematisk og vere tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikotilhøve.

Kommunedirektøren skal etter denne paragraf

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha naudsynnte rutinar og prosedyrar
- c) avdekkje og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er naudsynt
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering

Kommunedirektøren har ansvaret for å organisere og drifte kommunen på ein mest mogleg hensiktmessig måte, innanfor dei økonomiske rammar som kommunestyret vedtek. Organisatoriske endringar blir vedteke etter forhandlingar med fagforeningsorganisasjonane, for så å bli lagt fram for administrasjonsutvalet til orientering.

Gjeldande organisasjonsstruktur ligg til ei kvar tid på kommunen sine heimesider, og i kommunen sitt eige kvalitetssystem.

Kommunen sine hovudoppgåver vert i hovudsak fastsett gjennom lover og forskrifter. Statleg politikk skal utøvast i den einskilde kommune. Statsforvaltaren samlar desse i sitt årlege forventingsbrev, der det vert stilt krav om rapportering og tilsyn. I tillegg er kommunestyret sine vedtak i budsjett og økonomiplan styrande for kommunen sitt arbeid.

Internkontroll i organisasjonen

Sande kommune har system for internkontroll men kommunen har forbetringpunkt når det gjeld utarbeiding av overordna styringsdokument og revisjonar av eksisterande dokument, rutinar og prosedyrar. Dette arbeidet er vi godt i gang med.

Kommunen har fagsystem innanfor dei ulike sektorane som vert nytta, og i tillegg har vi økonomisystem, løns- og HR system som skal hjelpe til med å halde orden i eige hus. Desse verktøya medverkar til at internkontroll vert ein naturleg del av styring og leiing av verksemda. Internkontrollen skal medverke til å nå fastsette mål, at vi etterlever lover og reglar og at vi leverer tenester med god kvalitet.

Aktivitetar i 2023

- Gjennomgang og nødvending endring av organisasjonskart og leiarstruktur
- Innføring av administrative delegeringar for å klargjere roller og ansvar/mynde i leiarrolla
- Endring av systemoppsett i alle fagsystem for ny organisasjonsstruktur
- Fokus på internkontroll og beredskap i alle leiarmøter
- Fått på plass eit økonomireglement
- Fått på plass eit habilitetsreglement
- Innføring av køyrebok (Abax)
